

RAPPORT

Supplerande kartlegging av biologisk mangfold i jordbrukets kulturlandskap i Sogn og Fjordane

Registrering for kommunane
Flora, Førde, Gloppen, Eid og Stryn

Leif Hauge, Jørn Frode Nordbakken og Ingvild Austad



R-NR 3/2008
Avdeling for ingeniør og naturfag

 HØGSKULEN I
SOGN OG FJORDANE



 HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE	<h1>RAPPORT</h1> <p>Postboks 133, 6851 SOGNDAL telefon 57676000 telefaks 57676100</p>
---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------

TITTEL Supplerande kartlegging av biologisk mangfald i jordbrukets kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Registrering i kommunane Flora, Førde, Gloppen, Eid og Stryn.	RAPPORTNR. 3/08	DATO 30.03.08
PROSJEKTTITTEL Supplerande kartlegging av biologisk mangfald i jordbrukets kulturlandskap i Sogn og Fjordane	TILGJENGE	TAL SIDER 77
FORFATTAR Leif Hauge, Jørn Frode Nordbakken og Ingvild Austad	PROSJEKTTLEIAR/-ANSVARLEG Leif Hauge/Ingvild Austad	
OPPDRAKSGJEVAR Skog og Landskap/Direktoratet for naturforvaltning	EMNEORD Kulturmarkstypar, biologisk mangfold, kulturlandskap	
SAMANDRAG Rapporten presenterer artsregistreringar på 23 kulturlandskapsområde i 5 kommunar i Sogn og Fjordane. Føremålet med registreringa er å analysere ulike urte- og grasrike eng- og beitesamfunn og utarbeide ei så komplett artsliste som mogeleg for dei ulike lokalitetane.		
SUMMARY This report presents the results of species-registrations at 23 different hay-meadows, pastures and other semi-natural vegetation in 5 municipalities in Sogn og Fjordane county, western Norway. The report also includes background information about the different localities, such as history, former traditional use, hydrology and value proposals.		
PRIS Kr 140,-	ISBN 978-82-466-0099-0	ANSVARLEG SIGNATUR Tarald Seldal

Føreord

Seksjon for landskapsøkologi ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) fekk hausten 2005 førespurnad frå dåverande NIJOS, no Skog og Landskap, om å utføre supplerande registreringar av kulturlandskap med høgt biologisk mangfald i Sogn og Fjordane. Tilsvarande registreringar er mellom anna også utført i Agderfylka, Buskerud, Hedmark, Rogaland, Hordaland, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal.

Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald er oppretta som resultat av stortingsmelding 42 (2000-2001): Biologisk mangfald – sektoransvar og samordning. Kartlegging og overvaking av biologisk mangfald i kulturlandskapet er eit prosjekt under dette nasjonale programmet.

Kartlegginga i 2006-2007 som totalt omfattar 65 område er i hovudsak utført av førsteamanuensis Leif Hauge og professor Ingvild Austad. Botanikar Jørn Frode Nordbakken har utført dei aller fleste registreringane i kommunane Florø, Førde, Gloppen og Stryn i juli månad 2007. Botanikar Brith Natlandsmyr har utført analysar på nokre lokalitetar (urterike enger og beitemarker). I tillegg er det brukt materiale frå stipendiat Inger Auestad (HSF).

Denne rapporten presenterer registrerte lokalitetar i kommunane Flora, Førde, Gloppen og Stryn. Det er utarbeidd tilsvarande rapport for kommunane Selje, Vågsøy og Bremanger og ein for kommunane Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Årdal.

Takk for god hjelp frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga og alle dei fem kommunane som har kome med tips om aktuelle lokalitetar. Vidare takk til alle grunneigarar og brukarar som gitt løyve til synfaring og registreringsarbeid. Vi vonar at den gjennomgåande positive responsen også gjev seg utslag i interessa for å ta vare på desse biologiske kulturminna i tida framover.

Bileta i rapporten er tekne av prosjektmedarbeidarane. Det er stadvis også nytta biletmateriale frå tidlegare synfaringar og registreringar av områda.

Sogndal, mars 2008

Leif Hauge, Jørn Frode Nordbakken og Ingvild Austad

Innhald

Føreord	s. 3
Samandrag	s. 5
1. Innleiing	s. 6
1.1 Bakgrunn	s. 7
1.2 Registrering av kulturlandskap i Sogn og Fjordane	s. 8
1.3 Supplerande registrering	s. 8
1.4 Klassifisering og registrering av vegetasjon og kulturlandskap	s. 9
1.5 Konkrete tiltak i Sogn og Fjordane	s. 10
1.6 Metodar	s. 11
2. Lokalitetar	s. 12
3.1 Oversikt over lokalitetar	
01. Grøndalen 1	s. 14
02. Grøndalen 2	s. 16
03. Svortevik	s. 18
04. Flugedalen 1	s. 20
05. Flugedalen 2	s. 22
06. Fossen	s. 24
07. Kusslid	s. 26
08. Kvål	s. 28
09. Kvålsslåttane	s. 30
10. Slåtten	s. 32
11. Alme	s. 34
12. Føleide	s. 36
13. Gimmestad	s. 38
14. Hunskår 1	s. 40
15. Hunskår 2	s. 42
16. Rygg	s. 44
17. Sagefloten	s. 46
18. Eimhjellen 1	s. 48
19. Eimhjellen 2	s. 50
20. Nedreberg	s. 52
21. Øvre Åse	s. 54
22. Avlein	s. 57
23. Breng	s. 60
3. Samanfatning	s. 62
4. Referansar	s. 63
Vedlegg, artslistar	s. 66

Samandrag

Dette er ein delrapport frå det omfattande prosjektet om kartlegging av verdiar i kulturlandskapet som inngår i det nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald. Oppdragsgivar har vore NIJOS, seinare Skog og Landskap. Ansvaret for prosjektet vart i 2007 overteke av Direktoratet for Naturforvaltning.

Ein av hovudmålsetjingane for prosjektet har vore å auke kunnskapen om det biologiske mangfaldet i Sogn og Fjordane, og få ein best mogleg oppdatert oversikt over semi-naturlege vegetasjonstypar og heilskaplege ”tradisjonelle” kulturlandskap.

Totalt er det registrert 65 område i Sogn og Fjordane. Data for dei 40 høgast prioriterte områda er lagde inn på DN sin kulturlandskaps-/naturdatabase via internett. Det er og utarbeidd ein rapport som oppsummerer hovudresultata av kartlegginga i Sogn og Fjordane (Hauge og Austad 2008a).

Denne rapporten presenterer registrerte lokalitetar i kommunane Flora, Førde, Gloppen og Stryn. Det er utarbeidd tilsvarande rapport for kommunane Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Årdal (Hauge & Austad 2008b), og ein for Selje, Vågsøy og Bremanger (Austad & Hauge 2008).

Kap 1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Seksjon for landskapsøkologi ved HSF fekk hausten 2005 førespurnad frå dåverande NIJOS, no Skog og Landskap, om å utføre supplerande registreringar over kulturlandskap med høgt biologisk mangfald i Sogn og Fjordane. Tilsvarande registreringar er også utført i Agderfylka, Buskerud, Hedmark, Rogaland, Hordaland, Sør-Trøndelag og delar av Møre og Romsdal.

Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald er oppretta som resultat av stortingsmelding 42 (2000-2001): "Biologisk mangfald – sektoransvar og samordning". "Kartlegging og overvaking av biologisk mangfald i kulturlandskapet" er eit prosjekt under dette nasjonale programmet.

Den supplerande kartlegginga av biologisk mangfald i kulturlandskapet skal, saman med eksisterande kartlegging (kommunekartlegginga og Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap), danne eit grunnlag for vidare "mål og prioriteringar for biologisk verdifulle kulturlandskap til bruk på ulike myndighetsnivå og innan ulike sektorar med aktivitetar som omhandlar jordbrukets kulturlandskap" (Styringsgruppa 29.08.03). Prosjektet skal derfor supplere naturtyperegistreringa som allereie er gjennomført i kommunane og sikre at:

- særleg viktige semi-naturlege (kulturpåvirka) vegetasjonstypar blir tilfredsstillande registrerte

- potensielt viktige (A- og B-område), men tidligare ikkje kartlagde område vert kartlagde, dvs. at dei viktigaste "hola" i eksisterande oversikt blir tetta.

Metodikk og retningslinjer for registreringa er gitt i "Felthåndbok for kartlegging av biologisk mangfald i jordbrukets kulturlandskap" utarbeidd av DN. I vårt arbeid har me nytta versjon "06.06.05". I denne felthandboka er metodikk og kriterium for registreringa utdjupa.

Føremålet med den supplerande registreringa er å:

- Lokalisere, registrere og vurdere eit utval av kulturmarkstypar med høgt biologisk mangfald
- Registrere ein del sentrale fysiske og økologiske parametarar
- Beskrive sentrale kulturspor i området
- Gje ei kort verdivurdering av inngrep og trugsmål

For verdivurdering av lokalitetane er desse krava nytta: A-område har nasjonal interesse, B-område har regional interesse og C-område har lokal interesse. D-område er registrerte utan å ha spesiell interesse i biologisk mangfald samanheng.

I tillegg har det vore viktig å samle, samordne og systematisere ein del eksisterande registreringar, gje ei oppdatering samt å gje prioriteringar.

I løpet av prosjektperioden er det kome ein ny St.prp. (nr.1, 2004-2005) der "LMD legg opp til ein styrkt og samla strategi for å ta vare på viktige kulturlandskap og verne dyrka og dyrkbar jord". Eitt av tre fastsette hovudmål er at "Spesielt verdifulle kulturlandskap skal vere dokumenterte og fått ein særskilt forvaltning innan 2010". På grunnlag av dette har eit breitt samansett utval frå Statens landbruksforvaltning, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren arbeidd fram publikasjonen "Spesielt verdifulle kulturlandskap, utvalde

jordbrukslandskap” (Børset & Puschmann 2007). Her konkluderer ein med at kring 100 av dei mest representative kulturlandskapsområda i Noreg bør få ei spesiell oppfylgning, både forvaltningsmessig, juridisk, økonomisk og tidsmessig.

I fyrste omgang (hausten 2007), har Miljøverndepartementet (MD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD) bestemt at 20 område i jordbrukets kulturlandskap med store biologiske og kulturhistoriske verdiar skal veljast ut og gjevast spesiell forvaltning. Ein tek sikte på å velje ut eitt område i kvart fylke i løpet av 2008.

Frå 2005 har LMD oppfordra kommunane til å registrere og prioritere viktige område for jordbruk og kulturlandskap, sokalla ”kjerneområde landbruk” i arealforvaltninga.

1.2 Registrering av kulturlandskap i Sogn og Fjordane

Tradisjonelle semi-naturlege vegetasjonssamfunn med høgt biologisk mangfald er viktige element i kulturlandskapet i Sogn og Fjordane. Så tidleg som i 1986 vart ”Samarbeidsgruppa for kulturlandskap i Sogn og Fjordane - bruk og vern”, oppretta. Gruppa som vart skipa etter initiativ frå Sogn og Fjordane distriktshøgskule, var den første av sitt slag i landet. Følgjande etatar og personar var med: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Planavdelinga, Fylkeslandbrukskontoret i Sogn og Sogn og Fjordane distriktshøgskule. Ein nasjonal konferanse vart arrangert i 1987 og i åra frå 1988 til 1993 fekk ein den første registreringa av kulturlandskapet i Sogn og Fjordane.

Alle dei 26 kommunane i fylket var med i undersøkinga. Totalt vart 432 typeområde (15-20 verdifulle område i kvar kommune) valde ut og presenterte i rapportar (<http://sognogfjordane.miljostatus.no/>). Desse områda var nokre av dei beste og mest representative ein den gong fann i kommunane. I utvalet av område vart det lagt vekt på autensitet (eldre kulturlandskap og driftsteknikkar), kvalitet (velstelte område i bruk, artsrike og/eller karakteristiske kulturmarker, typiske for fylket), variasjon (kulturmarker, tekniske strukturar og bygningar) og heilskap (gards- og stølsområde) (Austad & Hauge 1989, Austad et al. 1993a og b).

Samstundes med denne registreringa vart det også gjennomført vegetasjonsøkologiske registreringar av ulike kulturmarker som hagemark, m.a. einerbakkar og bjørkehagar (Austad 1985a, Austad & Hauge 1990, Hauge 1998), av urterike slåtteenger, av styvingstre (Austad 1985b), haustingsskogar (Austad et al. 1985, Austad & Skogen 1990), og av lauvenger (Austad & Losvik 1998). I tillegg finst tidlege undersøkelser av vestnorske, urterike engsamfunn (Lundekvam & Gauslaa 1986, Losvik 1988 og 1993).

I den nasjonale registreringa av verdfulle kulturlandskap som vart sette i gang i 1991, og avslutta i 1994, vart seks område i Sogn og Fjordane peika ut. Dette var: Hoddevik/Fure i Selje kommune, Utvær i Solund kommune, Hjellesetra i Eid kommune (fig. 1), Grinde og Grindsdalen i Leikanger kommune, Midtre Lærdal i Lærdal kommune og Nærøyfjorden i Aurland kommune (Direktoratet for naturforvaltning 1994).



Fig. 1. Hjellesetra i Eid kommune er eitt av seks område som vart peika ut i den nasjonale registreringa av verdifulle kulturlandskap i 1994. Foto: Leif Hauge.

1.3 Supplerande registrering

I forkant av den registreringa som her ligg føre, vart det utarbeidd eit framlegg om supplerande, potensielt viktige kulturlandskapsområde i dei tre vestlandsfylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Ei gruppe samansett av fagtilsette ved Universitetet i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane utarbeidde ein rapport om prioriterte område for supplering av tidlegare kulturlandskaps-registreringar (Austad et al. 2004).

Her vart det tilrådd at ein i oppfyljingsarbeidet skulle supplere med delområde som omfatta lyngheilokalitetar, kulturlandskap på øyar langs kysten, område langs Fjærlandsfjorden, beiteområde i Lærdal, høgdegardar i Flåm m.m.. Suppleringskartlegginga som her ligg føre har fanga opp lokalitetar frå dei fleste av desse områda (Austad og Hauge 2008, Hauge et al. 2008, Hauge og Austad 2008 a, b).

Nokre av lokalitetane i denne rapporten tek utgangspunkt i tidlegare registrerings- og forskingsprosjekt, spesielt i registreringsprosjektet "Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane, bruk og vern" (Flåten 1992 a, b, Helle & Clemetsen 1992, Hauge & Slinde 1989).

Nokre av områda i denne rapporten er også med i registreringa "Artsrike slåtte- og beiteenger i Sogn og Fjordane, status for eit utval av lokalitetar" (Hauge et al. 2005), eit prosjekt som har vore gjennomførte ved Seksjon for landskapsøkologi ved HSF.

Det er gjennomført ulike prosjekt i forvaltnings-samanheng. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved Landbruksavdelinga har m.a. sett på status for tilstanden til eit utval av artsrike enger i Sogn (Hovstad 2002).

1.4 Klassifisering og registrering av vegetasjon og kulturlandskap

Inndelinga av Noreg i store og samanhengjande landskapsregionar har føregått sidan 1989 med revisjon fleire gonger. Ei oppstilling og gjennomgang av 45 landskapsregionar i landet vart ferdig i 2005 (Puschmann 2005). For Sogn og Fjordane er det 7 regionar: Lågfjellet i sør-Norge (22,3%), Høgfjellet i sør-Norge (11,8%), Breane (8.3%), Kystbygdene på Vestlandet (6,4%), Ytre fjordbygder på Vestlandet (6,9%), Midtre bygder på Vestlandet (20,2%) og Indre bygder på Vestlandet (24,1%). Dei aller fleste lokalitetane i denne registreringa ligg i regionane Ytre fjordbygder på Vestlandet og midtre bygder på Vestlandet.

Nasjonalatlas for Norge-vegetasjon gjev ei skildring av utbreiinga og regionale variasjonar til vegetasjonen i Norge (Moen 1998). Gjennom ulike kartpresentasjonar vert viktige økologiske faktorar som påverkar vegetasjonen presenterte. Eit variert naturgrunnlag og ulik bruk forklarar utviklinga av ulike typar kulturlandskap i kyststrok og i innlandet. Alle lokalitetane som er skildra i denne rapporten er plasserte i vegetasjonssonar og vegetasjonsseksjonar etter denne inndelinga. Det er i fyrste rekkje sona "Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2" og seksjonen "Oseanisk, O2" som dekkjer kommunane i denne rapporten.

Vegetasjonstypar i Norge (Fremstad 1997) gjev ein oversikt over både tilsynelatande urørde vegetasjonstypar og kulturbetinga vegetasjon basert på plantesosiologisk klassifisering. Vegetasjonen blir her inndelt i 26 grupper (A- X). Dei aller fleste vegetasjonssamfunna i Norge er meir eller mindre påverka av menneskeleg aktivitet, men dei tydelegast kulturbetinga gruppene er G-seksjonen "Kulturbetinga engvegetasjon" og H-seksjonen "Kystlyngheivevegetasjon". Dei forskjellige habitata som er skildra på dei ulike områda, er typeklassifisert etter Fremstad sin inndeling. Elles arbeider artsdatabanken med ein ny inndeling av naturtypar i Norge (ferdig i 2008). I dette arbeidet blir det og fokusert på kulturmarker og kulturlandskap.

Mange typar kulturbetinga engvegetasjon er i dag truga. Enger og beitemarker er forma av langvarig slått og/eller beiting. Dei mest artsrike typane har utvikla seg på mark som er hausta, men ikkje pløgd. Rapporten "Truete vegetasjonstyper i Norge" (Fremstad og Moen 2001) gjev ei oversikt over slike vegetasjonstypar som er truga på kort og lang sikt. Kulturbetinga engvegetasjon er ein av 10 grupper som blir vurdert i høve til ulike trugslar (Moen et al. 2001). Både typar som er spesielt utsette eller som har spesielle kvaliteter, m.a. som inneheld raudlista artar, er skildra. Ikkje berre gardslandskapet men også stølslandskapet er eit kompleks av kulturbetinga vegetasjonstypar som er akutt truga av bruksendringar. Generelt er kunnskapen om kulturbetinga vegetasjon mangelfull.

Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker (Norderhaug et al. 1999), samanstillar kunnskap om korleis dei gamle kulturmarkene skal stellast dersom habitata skal oppretthaldast over tid. Her blir det og gjeve ei oversikt over typar og førekomst av vanlege norske kulturmarker, historisk tradisjonell bruk, trugslar og innspel til skjøtsel og restaurering. I boka er det også forsøk på standardisering av omgrep og nemningar.

I 1991 vart det gjennomført ei registrering av "Artsrike slåtte og beiteenger i Sogn". Tradisjonelt drivne enger i 7 kommunar vart oppsøkte og det vart gjort eit utval på 76 lokalitetar. I 2006 gjorde ein opp ein status for desse lokalitetane. Konklusjonen var at ca. 25 av dei 76 lokalitetane framleis var i nokolunde hevd som artsrik slåtte- og beitemark, 21 hadde gjennomgått ei bruksendring (oppgjødsling, overgang til beitemark, oppdyrking, tap av areal til veg, bustadfelt o.l.), 22 var i attgroing, og 10 var usikre. På 15 år hadde ein såleis mist meir enn 60 % av dei urterike engene.

For Sogn og Fjordane er det ulike strategiske planarbeid som omtalar og støttar tiltak for oppretthalding av tradisjonelle kulturlandskap og kulturmarker, m.a. ”Fylkesdelplan for landbruk”, ”Fylkesdelplan for arealbruk” og ”Strategi og handlingsplan for kulturlandskap i Sogn og Fjordane” (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2002).

”Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane” (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2004) fokuserer på landbruket sin produksjon av miljøgode. Fleire av ordningane er nye i den forstand at dei både stimulerer til endra haldningar og til handlingar på område som ikkje tidlegare har vore så påakta innan moderne landbruk. Dette gjeld til dømes ordningar med støtte til styrt beiting, beitedyr i verneområde, tilskot til styvingstre, til slått i brattlendt mark, til steingardar, til kulturminne og til artsrik eng og beite. For å få tilgang til fleire av desse midlane er det naudsynleg med ”Miljøplan II” som har fokus i miljøplanarbeidet på einskilde bruk. Verkemidla i programmet skal vere generelle og utbetalte til alle landbruksføretak som får produksjonstilskot i motsetnad til dei spesielle miljøtiltaka i landbruket (SMIL) som vert betalte etter søknad til kommunen og skjønsmessig, individuell behandling. For 2006 er den økonomiske råma for Regionalt miljøprogram i Sogn og Fjordane ca. 25 millionar kroner.

Frå 2005 har også LMD oppfordra kommunane til å registrere og prioritere viktige område for jordbruk og kulturlandskap, sokalla ”kjerneområde landbruk” i arealforvaltninga.

Trass i ulike verkemiddel skjer det likevel ei omfattande attgroing av kulturlandskapet, både generelt i landet og i Sogn og Fjordane.

1.5 Metodar

Før feltsesongen starta opp vart aktuelle kulturlandskapslokalitetar vurderte. Dette inkluderte gjennomgang av tidlegare registrerte eng- og beitelokalitetar, spesielt i samband med prosjekta ”Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern”(1988-93) (Austad et al. 1993a, b) og ”Artsrike slåtte- og beiteenger i Sogn og Fjordane, status for eit utval av lokalitetar” (Hauge et al. 2005).

Det har også vore eit samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga og dei fleste kommunane i fylket for å finne fram til nye aktuelle lokalitetar.

Landbruksavdelinga sendte ut invitasjon til alle kommunane i fylket om å kome med attendemeldingar om 5-6 aktuelle lokalitetar i kvar kommune. På bakgrunn av desse informasjonane saman med fleire konkrete tips frå landbruksavdelinga, vart mange av desse områda oppsøkte i 2007. Ikkje alle desse områda tekne med i suppleringsrapportane.

Lokalitetane er valde ut frå biologisk mangfald, hevd og kulturhistorisk tradisjon (kulturmark prega av tradisjonelle driftsteknikkar). I tillegg har ein prøvd å velje ut representative habitat langs ein gradient frå kyst til innland. Ein har i utgangspunktet avgrensa lokalitetane til å femne om ein kulturmarkstype. Stadvis omfattar registreringane heilskaplege område, som til dømes heile innmarka på ein gard, ei heil øy o.s.b. Stadvis er ulike delområde slått saman til større heilskaplege område.

Det er ikkje gjennomført samtalar med grunneigarar og gardbrukarar på alle områda, men for nokre område har grunneigarane kome med historisk bakgrunnsmateriale. Denne informasjonen er delvis sjekka opp mot historisk kjeldemateriale. For lokalitetane er det gjort vegetasjonsanalysar, registrering av hevd og av ulike økologiske forhold. Fokus har og vore på fysiske stukturar som steingardar, rydningsrøyser m. fl.

Førekomande karplanter på lokalitetane er registrerte i krysslister, stadvis kan det inngå mosar og artar frå tidlegare registreringar. Nomenklaturen fylgjer Lid & Lid 2005, 7. utgåva. Mosar, alger og sopp vart i hovudsak ikkje inkluderte i registreringa. Det er heller ikkje utført spesielle registreringar av beitemarkssopp.

2.0 Lokaltetar

2.1 Oversikt over lokalitetar

Totalt vart det sommaren 2006 og 2007 gjort inventeringar av 23 lokalitetar i Flora, Førde, Gloppen, Eid og Stryn; dei fleste naturenger og beitemarker. Lokaltetane er opplista i tabell 1 og kartfesta i figur 2.

For verdivurdering av lokalitetane er desse krava nytta: A-område har nasjonal interesse, B-område har regional interesse og C-område har lokal interesse. D-område er registrerte utan å ha spesiell interesse i biologisk mangfald samanheng.

Nokre av lokalitetane i denne registreringa er oppsøkte tidlegare, stort sett i samband med prosjektet "Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern frå 1987-1993. Ein del nye lokalitetar er kome til gjennom observasjonar, feltarbeid og innspel frå landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen og kommunane i fylket.

Tabell 1. Dei ulike A, B, C og D- lokalitetane presenterte i denne rapporten.

	Lokalitet	Kommune	Kulturmarkstype	DN-kode	Vurd.
1	Grøndalen 1	Flora	Slåttemark	D 01	C
2	Grøndalen 2	Flora	Hagemark med styvingstre	D 05	B
3	Svortevik	Flora	Slåttemark	D 01	B
4	Flugedalen 1	Førde	Slåttemyr-slåttemark		B
5	Flugedalen 2	Førde	Slåttemark	D 01	B
6	Fossen	Førde	Slåttemark	D 01	C
7	Kusslid	Førde	Slåttemark med styvingstre	D 01	A
8	Kvål	Førde	Slåttemark og naturbeitemark	D 01, D 04	B
9	Kvålsslåtten	Førde	Slåttemark (gamal husmannsplass)	D 01	C
10	Slåtten	Førde	Naturbeitemark	D 04	D
11	Alme	Gloppen	Slåttemark	D 01	B
12	Føleide	Gloppen	Naturbeitemark	D 04	D
13	Gimmestad	Gloppen	Naturbeitemark med gamle frukttr	D 04	C
14	Hunskår 1	Gloppen	Naturbeitemark	D 04	D
15	Hunskår 2	Gloppen	Slåttemark med gamle frukttr	D 01	D
16	Rygg	Gloppen	Naturbeitemark	D 04	D
17	Sagefloten	Gloppen	Hagemark	D 05	D
18	Eimhjellen 1	Gloppen	Naturbeitemark	D 04	D
19	Eimhjellen 2	Gloppen	Naturbeitemark	D 04	D
20	Nedreberg	Gloppen	Slåttemark og naturbeitemark	D 01, D 04	C
21	Øvre Åse	Eid	Slåttemark	D 01	B
22	Avlein	Stryn	Slåttemark og naturbeitemark	D 01, D 04	B
23	Breng	Stryn	Slåttemark	D 01	C

1. Grøndalen 1

Lokalitetsnamn:	Grøndalen 1
Dato	23.07.2007
UTM	LP 318250 6844600
Kartblad	1218 III, Naustdal
Verdi	C
Naturtype	Slåttemark (D01) og naturbeitemark (D04)
Areal	Ca. 100 daa
Kommune	Flora
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 3. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: ”Gardslandskap”, slåttemark og naturbeitemark (fig. 3).

Landskapsregion 21, Ytre fjordbygder på Vestlandet. Region 21, Stongfjorden/Norrdalen.

Områdeskildring: Gardsbruket ligg på ei flat deltaflate på austsida av Grøndalsvatnet, ca. 110 moh. (Hauge & Slinde 1989). To elveløp kryssar eigedomen, eitt i nord, og eitt i sør. Det finst fleire store steinrøyser på eigedomen. Det aller meste av engareala var slått nokre få dagar før synfaring, så artsregistreringa er for ein stor del basert på uslått vegetasjon langs kantar som gardsveg, grøfter, elvebreiddar, gardstun, steinrøyser og kantsoner mot utmark. I alt 71 karplanter vart registrerte under synfaringa.

Store delar av areala i nordaust har preg av forsumping, og i dette området finst nokre dreneringsgrøfter. Her finst ein del grantorvmose (*Sphagnum girgensohnii*) og bjørnemose (*Polytrichum commune*) i botnsjiktet, medan det i feltsjiktet er mykje sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), stjernestarr (*Carex echinata*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*). Mot innsjøen er det noko turrare, og her finst mykje englodnegras (*Holcus lanatus*) med innslag av engkvein (*Agrostis capillaris*), harestarr (*Carex ovalis*) og sølvbunke. Englodnegras dominerer også i sør. I dei turrare partia finst mykje gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), firkantperikum (*Hypericum maculatum*) og harestarr (*Carex ovalis*).

Kulturspor: Gardsveg, dreneringsgrøfter, steinrøyser, oppbygging av flaumvern og steinsetting langs elvebreiddar.

Inngrep: Det er opparbeidd dreneringsgrøfter i delar av området for å ta unna vatn i flaumperiodar. Eit minikraftverk er oppført i utkanten av slåttemarka ved Storelva i vest. Det ligg ei kort, nedgravd røyrgate frå ein kraftstasjon og ut i Storelva.

Verdivurdering: Denne enga representerer truleg lang kontinuitet. Det er i dag ikkje husdyr på garden, men engvegetasjonen vert framleis slått. Den noko lågtytande enga representerer ein tradisjonell kulturmarkstype basert på lite gjødsling og kultivering.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	F1/F2: Rasmark/Bergknaus og bergflate (5%), G4b: Frisk fattigeng (jordnøttutforming) (80%), G12b: Våt/middels næringsrik eng (15%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon:	Klart oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	vekselfuktig: 5	frisk: 90
Baserikheit	fattig: 70	intermediær: 30	rik: 0
Næring	fattig: 70	intermediær: 30	rik: 0

Tilstand: Avgrensa drift og skjøtsel.

Dagens bruk: Slåttemarka er ikkje lenger i bruk til beite eller slått til fôrsank, men areala vert framleis slått og graset fjerna som del av landskapspleietiltak.

Tidlegare bruk: Slåttemark og naturbeitemark.

Artar: Vedlegg

02. Grøndalen 2

Lokalitetsnamn:	Grøndalen 2
Dato	23.07.2007
UTM	LP 18250 6844600
Kartblad	1218 III, Naustdal
Verdi	B
Naturtype	Hagemark med styvingstre (D05)
Areal	70 daa
Kommune	Flora
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 4. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: ”Anna haustingslandskap i utmark”, hagemark (fig. 4).

Landskapsregion 21, Ytre fjordbygder på Vestlandet. Region 7, Stongfjorden/Norrdal.

Områdeskildring: Grøndalen ligg i Flora kommune, i botnen av Norrdalen, like nord for Sunndalsvatnet (Hauge og Slinde 1989). Lisidene ned mot vatnet har gjennom lang tid vore utnytta til husdyrbeite. Inntil nokre få år sidan vart området beita av geiter og storfe, men i dag er det ingen dyr på garden inst i dalen og det er avgrensa beite i området.

Styvingstrea står spreidde langs heile vestsida med eit par markerte konsentrasjonar. Totalt utgjer området med styvingstre over hundre dekar, kjerneområda til saman omlag 20 daa. Det registrerte området omfattar den nordlegaste konsentrasjonen på over 50 tre i ei søraustvendt lise i nordenden av øvre Grøndalsvatnet. Trea veks i eit område frå ca. 120 til 160 moh. Her veks hovudsakeleg alm (*Ulmus glabra*), men også selje (*Salix caprea*) og eik (*Quercus robur*). Fleire av trea er gamle, og har fått omfangsrrike kroner.

Substratet har preg av usortert stein- og blokkmateriale, delvis med usamanhengjande vegetasjon. Steinblokkene er kledde med gråmose (*Racomitrium* sp.), medan vegetasjonen i feltsjiktet er dominert av gras, urter og lyngartar. Nokre smågraner har etablert seg i hagemarksområdet. Fleire bekker og smålver går gjennom området. Det er ikkje rydingar i hagemarka, og heller ikkje større steinopplegg.

Det er registrert 61 karplanter i området.

Kulturspor: Utover styvingstrea er det få spor av menneskeleg aktivitet. Det har gått ein del år sidan området sist vart beita av husdyr. Framleis ber delar av området preg av å ha vore aktivt beita med lite oppskot av ungtre eller busker. Opphøyr av beite vil etter kvart føre til attgroing, og nokre smågraner spreidde frå nærliggjande plantefelt har allereie etablert seg.

Verdivurdering: Styvingstrea er karakteristiske for fylket, men det er sjeldan å finne så godt utvikla haustingsskogar så langt vest. Trea viser til maksimal utnytting av naturressursane i dette karrige landskapet. Samlinga av styvingstre utgjer eit viktig referanseområde for undervisning og forskning. Dalen er med sitt spesielle landskapsrom er godt eigna for rekreasjon og friluftsliv, mellom anna som utgangspunkt for turar innover mot Åfotbremassivet. Artsmangfaldet i området er ganske høgt.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	F 3a: Bergknaus og bergflate utforming (30%), H 2b: Turr gras-urterik hei (rikare utforming) (70%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon:	Klart oseanisk, O2

Markeegenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 40	veksselfuktig: 50	frisk: 10
Baserikheit	fattig: 60	intermediær: 40	rik: 0
Næring	fattig: 60	Intermediær: 40	rik: 0

Tilstand: Ingen beiteaktivitet eller skjøtsel dei siste åra.

Dagens bruk: Ein del år sidan sist greinene vart kutta og trea har utvikla eit mektig greinverk.

Tidlegare bruk: Beiting av storfe og geiter. Skav og ris til geitefôr. Almelauv vart også nytta til grisefôr. Dei siste omfattande lauvingsøktene var under siste verdenskrig. Nokre av trea ber preg av å ha vore hausta i nyare tid.

Inngrep: Det går bilveg i nedkant av området. Nokre hytter er oppførte nær Grøndalsvatnet.

Artar: Vedlegg

03. Svortevik

Lokalitetsnamn:	Svortevik
Dato	07.2005
UTM	LP 3008 682500
Kartblad	1118 II, Eikefjord
Verdi	B
Naturtype	Slåttemark (D01)
Areal	22 daa
Kommune	Flora
Inventør/områderapport	Brith Natlandsmyr og Leif Hauge



Fig. 5. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: "Gardslandskap", slåttemark (fig. 5).

Landskapsregion 21, Ytre fjordbygder på Vestlandet. Region 7, Stongfjorden/Norddal.

Områdeskildring: Svortevik ligg på nordsida av Førdefjorden, heilt aust i Flora kommune (Hauge og Slinde 1989). Riksveg 611 skjer gjennom bruket og den urterike enga. Trass i lokalisering ut mot eit ope fjord- og havsystem, ligg sjølve enga avskjerma frå vindar frå vest. Enga ligg under g.nr. 106, br.nr. 6.

Innmarskengene på gardsbruket er oppdyrka, men fylgjer dei opprinnelege terrengformene. I tilknytning til engene er det mange steinopplegg som bakkemurar, steinsette veiter, bru-kar og bruer. Engene har eit urterikt feltsjikt der artssamansetnaden varierer ein god del etter grunntilhøve, lokalisering og bruk.

På engene er det mange grasartar med dominans av knereverumpe (*Alopecurus geniculatus*), harestart (*Carex ovalis*), engsvingel (*Festuca pratensis*), raudsvingel (*Festuca rubra*), geitsvingel (*Festuca vivipara*), mannosøtgras (*Glyceria fluitans*), englodnegras (*Holcus lanatus*), markfrytle (*Luzula campestris*), engrapp (*Poa pratensis*), markrapp (*Poa trivialis*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) og smyle (*Deschampsia flexuosa*).

Tidleg på sommaren er dei største engene visuelt dominerte av prestekrage (*Leucanthemum vulgare*). Andre førekomande urter er hanekam (*Lychnis flos-cuculi*), engsoleie (*Ranunculus acris*), raudkløver (*Trifolium pratense*), kvitkløver (*Trifolium repens*), engsyre (*Rumex*

acetosa), tepperot (*Potentilla erecta*), jordnøtt (*Conopodium majus*), smalkjempe (*Plantago lanceolata*), firkantperikum (*Hypericum maculatum*), kystgriseøre (*Hypochoeris radicata*), skoggråurt (*Omalotheca sylvatica*) og ryllik (*Achillea millefolium*).

Hydrologiske tilhøve gjev vegetasjonen eit mosaikkpreg. Her er fleire område som ofte er overrisla. Truleg vert det tilført ekstra næringskapital med dette vatnet. Forutan vanlege engartar veks her skogsnelle (*Equisetum sylvaticum*), engkarse (*Cardamine pratensis*), skogkarse (*Cardamine flexuosa*), vassarve (*Stellaria media*), krypsolie (*Ranunculus repens*), vendelrot (*Valeriana sambucifolia*) og kjeldeurt (*Montia fontana*). I feltsjiktet har engkransmose (*Rhytidiadelphus squarrosus*) stadvis høg dekning.

Kulturspor: Fint opplagt støttemur (bakkemur i nedkant av den øvre teigen).

Verdivurdering: Velhalden, urterik slåttemark som avspeglar tradisjonelle varierte utformingar. Her er nytta manuelle, og tilnærma økologiske arbeidsmetodar dei siste tiåra. Det er avgrensa bruk av kunstgjødsel og bruk av traktor med tunge reiskap. Engene blir både beita og slått gjennom faste årvisse syklusar. Enga er eigna som referanse- og forskingsområde når det gjeld tradisjonelle urterike oseaniske enger.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	12 b: Våt/fuktig middels næringsrik eng
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O3h
Vegetasjonsseksjon:	Sterkt oseanisk O3h

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 0	vekselfuktig: 50	frisk: 50
Baserikheit	fattig: 60	intermediær: 40	rik: 0
Næring	fattig: 40	intermediær: 60	rik: 0

Tilstand: Svak hevd. Artsrik beiteeng, tidlegare slåttemark som i dag bare vert sporadisk beita.

Dagens bruk: Enga vert slått tidleg i juli. Sauene beitar teigar på innmarka annankvart år. Talet på beitande sauer har gått ned dei siste åra. Sauegjødsel vert spreidd utover innmarksengene, kunstgjødsel vert berre sjeldan nytta.

Tidlegare bruk: Tidlegare dyrka mark, beite- og slåttemark.

Inngrep: Riksvegen delar opp engane.

Artliste: Vedlegg.

04. Flugedalen 1

Lokalitetsnamn:	Flugedalen 1
Dato	21. 07. 2007
UTM	LP 337900 6818100
Kartblad	1217 I, Holsen
Verdi	B
Naturtype	Slåttemyr
Areal	Ca. 35 daa
Kommune	Førde
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 6. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: ”Anna haustingslandskap i utmark”, slåttemark, slåttemyr (fig. 6).
Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.14, Jordbruksbygdene i Sunnfjord.

Områdeskildring: Myra høyrer til garden Flugedalen, som ligg aust i Flugedalen. Den intakte, næringsfattige jordvatnsmyra ligg kring 300 moh. Den ligg flatt til i dalbotnen nedanfor gardstunet, som hellar svakt frå sør mot nord. Myra i dalbotnen går gradvis over i ei bakkemyr i nedre delar av lia.

Den næringsfattige berggrunnen i Flugedalen er for det meste dekket av morene, men det finst også noko berg i dagen. Ein delvis attgrodd bekk går gjennom myr-området.

Det glisne feltsjiktet er dominert av torvull (*Eriophorum vaginatum*), bjønnskjegg (*Trichophorum cespitosum*) og blåtopp (*Molinia caerulea*). Botnsjiktet er dominert av kjøtt-torvmose (*Sphagnum magellanicum*) og vortetorvmose (*S. papillosum*). Eit mindre, vått område er dominert av bjørnetorvmose (*S. lindbergii*).

Myrarealet er i fylgje noverande eigar ikkje slått sidan 1920-talet.

Kulturspor: Det står ei eldre høyløe ved myrkanten i søraust. Ein steingard og eit nettinggjerde grensar opp mot garden.

Verdivurdering: Sjølv om det er lenge sidan myra er slått, har den framleis ei jamn overflate og vart tidlegare karakterisert som ei av dei best utvikla og velhaldne slåttemyrane i kommunen.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	K3: fattig fastmattemyr
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 0	vekselfuktig: 0	frisk: 100
Baserikheit	fattig: 100	intermediær: 0	rik: 0
Næring	fattig: 100	intermediær: 0	rik: 0

Tilstand: Svak hevd. Nokre tre er nedhogne.

Dagens bruk: Myra vert ikkje lenger slått.

Tidlegare bruk: Myra har tidlegare vore nytta til slått, siste gong på 1920-talet.

Inngrep: Ingen inngrep, ingen grøfting.

Artar: Vedlegg.

05. Flugedalen 2

Lokalitetsnamn:	Flugedalen 2
Dato	21.07.2007
UTM	LP 337900 6818200
Kartblad	1217 I, Holsen
Verdi	B
Naturtype	Slåttemark (D01) og naturbeitemark (D04)
Areal	Ca 35 daa
Kommune	Førde
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken



Fig. 7. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: ”Anna haustingslandskap i utmark”, slåttemark og naturbeitemark (fig. 7). Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.14, jordbruksbygdene i Sunnfjord.

Områdeskildring: Enga høyrer til garden Flugedalen som ligg i ein sidedal til Angedalen. Historia til garden kan førast attende til 1500-talet. Enga ligg ca. 310 moh. i ein slak sørvestvendt skråning nedanfor tilkomstvegen og gardstunet. Den næringsfattige berggrunnen i området er dekkja av morene. I nedre delar grensar enga mot ei fattig jordvatnsmyr (sjå område 04), i aust mot eit hestebeite. I enga er det ikkje fjell i dagen, og det er ingen store steinar. I austlege delar ligg ein mindre åkerlapp. Nedbørsmengda i løpet av vekstsesongen er stor nok til å hindre at jordsmonnet turkar heilt ut. Vassig frå terrenget høgare oppe medverkar også til å hindre utturking. Det finst også eit par oppkommer ute i enga.

Utbreiinga av ulike artar varierer noko gjennom slåttemarka, avhengig av jordråme. Det er størst råme i vest og i nedre delar. Dominerande grasart i eit mindre parti i vestlege delar er sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), medan engkvein (*Agrostis capillaris*) pregar dei andre delane. Andre innslag er gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), raudsvingel (*Festuca rubra*) og eit mindre tal urter. Området vert beita av sau delar av året. Ved synfaring var ein mindre del av arealet slått, og graset hesja. Enga vart tilført kunstgjødsel frå slutten av 1950-talet fram til ut på 1980-talet. Kalk vert tilført delar av enga kring kvart tredje år.

Kulturspor: Beitemarka er rydda. Eit steingjerde ligg mellom enga og jordvatnsmyra.

Verdivurdering: Denne slåttemarka representerer lang kontinuitet, truleg attende til 1500-talet. Den noko lågtytande enga, som blir både beita og slått, representerer ein tradisjonell kulturmarkstype basert på lite gjødsling og kultivering. Enga har som heilskap eit heller lågt biologisk mangfald.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 4a: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) - vanleg utforming (100%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 10	vekselfuktig: 20	frisk: 70
Baserikheit	fattig: 100	intermediær: 0	rik: 0
Næring	fattig: 100	intermediær: 0	rik: 0

Områdeskildring: Slåttemarka er i god hevd.

Dagens bruk: Slåttemarka er framleis i drift med slått og beiting av sau.

Tidlegare bruk: Slåttemarka har i fleire hundre år vore nytta til slått og beite.

Inngrep: Tre dreneringsgrøfter (N-S) i vest. Eit nedgrave dreneringsrøyr (N-S), frå gardstunet ned mot myra (ingen synlege spor i vegetasjonen).

Artar: Vedlegg

06. Fossen

Lokalitetsnamn:	Fossen
Dato	24.07.2007
UTM	LP 331950 6821850
Kartblad	1217 IV, Bygstad og 1217 I, Holsen
Verdi	C
Naturtype	Heilskapleg kulturlandskap, slåttemark (D01)
Areal	Ca. 50 daa
Kommune	Førde
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 8. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: ”Anna haustingslandskap i utmark”, heilskapleg kulturlandskap og slåttemark (fig. 8). Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.14, Jordbruksbygdene i Sunnfjord.

Områdeskildring: Garden Fossen ligg i ei sørvendt lisode i Erdalsdalen, ca. 300 moh. Det er ikkje veg fram til garden, som truleg vart rydda på 1500-talet. Garden vart fråflytta i 1972, og sidan har det ikkje vore drift der. Husa vert nytta til sommarhus og er restaurerte. Om sommaren går ein del sau på beite i området.

Grunnen er dekkja av morene, stadvis med fjell i dagen.

Engene kring husa er heller turre, bortsett frå nokre område nær elva. I alt 49 artar vart registrerte på dei næringsfattige engene ved gardstunet. Engene er dominerte av sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), engkvein (*Agrostis capillaris*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*). I nedre delar av engene i aust og vest dominerer krattlodnegras (*Holcus mollis*). Fleire kvadratmeter store flekkar med tjukke matter av vanleg bjørnemose (*Polytrichum commune*) finst spreidde rundt i engene.

Kulturspor: Det går ein gamal oppbygd sti frå dalbotnen, men denne er lite brukt i dag. Vanleg tilkomst i dag er via ein sti langs ei taubane. Omkring det som tidlegare var slåttemark ligg fleire steingardar, og i innmarka finst fleire oppmura terrassar, gamle rydningsrøyser,

samt grunnmur av tidlegare uthus. Tidlegare gjekk ei bru over Fossaelva, men i dag står kun restar attende.

Verdivurdering: Garden Fossen har eit særprega og tradisjonelt bygningsmiljø som er i god stand. Det er fleire kulturmarkstypar knytta til området. Garden har støl og ein fråskilt husmannsplass som ligg i nærleiken. Området er eigna til undervisning/kurs om tidlegare driftsformer og skjøtsel av kulturmarkstypar. Det er og godt eigna til friluftslivsaktivetar.

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	vekselfuktig: 25	frisk: 70
Baserikheit	fattig: 60	intermediær: 40	rik: 0
Næring	fattig: 60	intermediær: 40	rik: 0

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 3: sølvbunkeeng (40 %), G 4b: frisk fattigeng-jordnøttutforming (60 %)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Områdeskildring: Svak hevd, avgrensa skjøtsel, matter av vanleg bjørnemose (*Polytrichum commune*) er utbreidd. Nokre smågraner har etablert seg i dette området.

Dagens bruk: Dei tidlegare slåttemarkene ligg stort sett brakke. Oppveksande einer o.l. vert fjerna. Det er noko beiting av sau i området.

Tidlegare bruk: Areal vart tidlegare nytta til åkerdrift, slått og beite. Engene rett nord for garden vart gjødsla i den tida den var i drift. På 1940-talet vart det dyrka korn her. Engene nærmast tunet i aust vart mellom anna nytta til potetdyrking.

Inngrep: Ingen. Det er planta ein del gran i utkanten og omkring innmarka.

Artar: Vedlegg.

07. Kusslid

Lokalitetsnamn:	Kusslid
Dato	20.07.2007
UTM	LP 33780 681550
Kartblad	1217 I, Holsen
Verdi	A
Naturtype	Hagemark (D05) og lauveng (D17)
Areal	70 daa
Kommune	Førde
Inventør	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 11. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: ”Gardslandskap”, hagemark og lauveng (fig. 11).
Landskapsregion 22, Midtre bygder på vestlandet. Region 22.14, Jordbruksbygdene i Sunnfjord.

Beskrivelse: Kusslia er ei sørvendt liseide ovanfor riksveg 5 i Movika ved Movatnet. Lunden med gamle, grove styva almetre (*Ulmus glabra*) ligg ca. 140 moh. (Mittet et al. 1991). Mange av trea har ikkje vore styva på nokre år, og har etter kvart fått ganske omfangsrrike kroner. Det veks rikeleg med mosar på dei gamle trestammene.

Berggrunnen i området er for det meste dekkja av morene, og det er lite fjell i dagen. Eit par bekkedrag og fuktige sig går gjennom området. Nedbørmengda i løpet av vekstsesonen og vatnsig er truleg stor nok til å hindre at jordsmonnet turkar heilt ut.

Området vert beita av sau med lam vår og haust. Grunna god grastilvekst var dei nedre delane av arealet slått før synfaringa, medan slått i øvre delar framleis pågjekk.

Utbreiinga av ulike planter i området varierer avhengig av konvekse og konkave terrengformer, utforminga av jordsmonn, nærleik til bekkedrag o.l. I øvre delar av området er feltsjiktet dominert av engkvein (*Agrostis capillaris*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), raudsvingel (*Festuca rubra*) og krattlodnegras (*Holcus mollis*). Langs bekkedrag finst

breidblada gras, kraftige urter og bregner. Vanlege artar er blåtopp (*Molinia caerulea*), myrtistel (*Cirsium palustre*) og skogburkne (*Athyrium filix-femina*).

Kulturspor: Forutan styvingstre og rydda beitemark finst fleire steingardar. I øvre del grensar teigen inntil planta granskog, sjå elles Bergum & Austad (2003).

Inngrep: Ein traktorveg går gjennom området.

Verdivurdering: Almehagen og lauvenga representerer lang kontinuitet. Dei styva almetrea skaper eit særprega område, og utgjer ein sjeldan kulturmarkstype. Området er framleis ope. Lia er lett tilgjengelig frå riksvegen.

Området vert beita vår og haust, noko som medverkar til å halde busksjiktet nede. Den noko lågtytande slåtte- og beitemarka representerer ein tradisjonell kulturmarkstype basert på avgrensa gjødsling og kultivering. Hagemarka og lauvenga har som heilskap eit ganske høgt biologisk mangfald.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 4b; Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) (100 %)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Klart oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	vekselfuktig: 45	frisk: 50
Baserikheit	fattig: 40	intermediær: 60	rik: 0
Næring	fattig: 40	intermediær: 60	rik: 0

Tilstand: Svært god hevd for bakkevegetasjon, noko svakare for styvingstrea.

Dagens bruk: Almehagen og lauvenga er framleis i drift med beiting av sau og lam. Det blir rydda og uttynna i hagemarka, m.a. vert oppskytande einer og bjørk rydda bort.

Tidlegare bruk: Beitemarka har tidlegare vorte nytta til slått og beiting.

Artar: Vedlegg

08. Kvål

Lokalitetsnamn:	Kvål (Kvaal)
Dato	28.07.2007
UTM	LP 340100 6823950
Kartblad	1218 II, Fimlandsgrend
Verdi	B
Naturtype	Slåttemark (D01) og naturbeitemark (D04)
Areal	70 daa
Kommune	Førde
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 10. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: ”Gardslandskap”, slåttemark og naturbeitemark (fig. 10).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.14, Jordbruksbygdene i Sunnfjord.

Områdeskildring: Kvål ligg i Angedalen, ca. 10 km nord for Førde sentrum. Angedalen er ein iserodert dal med store avsetjingar av glasi-fluvialt materiale med stort leirinnhald. Dagens gardstun ligg kring 180 moh. Kvål kan ha utvikla seg i ein fattig lågurt eikeskog med gras- og urterikt feltsjikt. I dag vert skogen dominert av gran (*Picea abies*), men det finst også ein del lauvtre, mellom anna eik (*Quercus robur*). Det er nokre få, store steinar spreidde i området.

Det undersøkte området utgjer eit kompleks av fleire ulike økologiske miljø, frå turrbakkar til område med myrpreg. Det vart i alt registrert 77 artar på dei småkuperte engprega områda ovanfor gardstunet og gardsvegen. Noverande eigar korkje kalkar eller gjødsjar desse areala. Ein mindre del av området fungerer som hestebeite, medan dei andre areala vert beita av sau. Store delar av området var ved synfaring enten godt nedbeita, eller nyleg slått. Registrering av artsmangfaldet kan såleis vere noko avgrensa, og fordelinga av ulike vegetasjonstypar berre omtrentleg. Dominerande artar i feltsjiktet tykkjest å vere engkvein (*Agrostis capillaris*), harestart (*Carex ovalis*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) og blåtopp (*Molinia caerulea*).

Store delar er utan tre, men det finst ein del frittståande bjørker (*Betula pubescens*). Sjå elles Røysum et al. 2003.

Kulturspor: Her finst rydningsrøyser, steinheller over bekk, bakkemurar, oppbygd steinkant langs bekk, (traktor-) vegar og uthus.

Inngrep: Ingen (i moderne tid).

Verdivurdering: Om lag halvparten av det inngjerda området er open eng. Den noko lågproduktive beitemarka, som representerer ein tradisjonell kulturmarkstype med ein fleire hundre år lang historie, er basert på avgrensa gjødsling og kultivering. Området vert halde godt i hevd, og har eit ganske høgt artsmangfald.

Markeegenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 0	vekselfuktig: 25	frisk: 75
Baserikheit	fattig: 95	intermediær: 5	rik: 0
Næring	fattig: 95	intermediær: 5	rik: 0

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 2: Blåtoppeng (15%), G 4: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) (80%), G 12: Våt/fuktig, middels næringsrik eng (5%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Tilstand: God hevd, aktiv skjøtsel.

Dagens bruk: Slåttemark og beitemark. Areal vert beita av sau og hest, og delar av området vert slått.

Tidlegare bruk: Slåttemark, beitemark og åker.

Artar: Vedlegg.

09. Kvålsslåttane

Lokalitetsnamn:	Kvålsslåttane
Dato	22.07.2007
UTM	LP 340300 6824300
Kartblad	1218 II, Fimlandsgrend
Verdi	C
Naturtype	Slåttemark
Areal	30 daa
Kommune	Førde
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 11. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: ”Anna haustingslandskap i utmark”, slåttemark (fig. 11).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.14, Jordbruksbygdene i Sunnfjord.

Skildring av området: Kvålsslåttane er ein gamal husmannsplass under gardsbruket Kvål i Angedalalen, ca. 10 km nord for Førde sentrum. Kvålsslåttane, som ligg kring 250 meter nordaust for gardstunet på Kvål, og ca. 190 moh. var busett fram til fyrste del av 1900-talet. Den tidlegare husmannsplassen er i dag omgitt av ein blanding av gran- og lauvskog. Det ligg nokre store steinar spreidde i området.

Eit par bekkar går gjennom det gamle tunet. Store delar av dei øvre, flate partia i nordvest har eit preg av forsumping, og i botnsjiktet her finst særleg grantorvmose (*Sphagnum girgensohnii*) og bjørnemose (*Polytrichum commune*), men også noko sumptorvmose (*Sphagnum palustre*). Feltsjiktet her inkluderer mykje sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), stjernestarr (*Carex echinata*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*). Området er noko turrare øverst i sørvest, samt nedover i den søraustvendte lia, som vert dominert av krattlodnegras (*Holcus mollis*), med innslag av harestarr (*Carex ovalis*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) og engkvein (*Agrostis capillaris*). I eit litt turrare parti i nordaust dominerer gulaks, firkantperikum (*Hypericum maculatum*) og harestarr (*Carex ovalis*). I området står og nokre gamle frukttrær, samt nokre frittstående tre av bjørk (*Betula pubescens*) og rogn (*Sorbus*

aucuparia). Fleire smågraner (*Picea abies*) har etablert seg i området. Det vart i alt observert 45 karplanter ved synfaringa.

Kulturspor: Her er ei oppbygd veg med steinmur, grunnmurar til fleire (minst 3) mindre hus/løer, steinheller over bekk og steinrøyser. Sjå elles Bergum & Austad (2003).

Verdivurdering: Areala vert ikkje lenger slått eller beita, og nokre smågraner har etablert seg. Kvålsslåttane ber preg av å vere i forfall, i eit overgangsstadium der artar frå den omkringliggjande skogen tek til å etablere seg i enga, noko som medverkar til eit relativt høgt artsmangfald.

Vegetasjonssone:

Vegetasjonstype	G1: Fuktig fattigeng (knapp/lyssiv-utforming) (20%), G4: Frisk fattigeng- engkvein- raudsvingel-gulaks-eng (80%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktigheit	turr:	vekselfuktig: 10	frisk: 90
Baserikheit	fattig: 95	intermediær: 5	rik: 0
Næring	fattig: 95	Intermediær: 5	rik: 0

Tilstand: Ingen drift, avgrensa skjøtsel.

Dagens bruk: Karakterisert som gamal slåttemark av Røysum et al. (2003). Området er ikkje slått på mange år, og det er avgrensa skjøtsel.

Tidlegare bruk: Området har tidlegare vore ein husmannsplass, fråflytta tidleg på 1900-talet.

Inngrep: Ingen inngrep (i moderne tid).

Artar: Vedlegg.

10. Slåtten

Lokalitetsnavn	Slåtten
Dato	22.07.2007
UTM	LP 339600 6823350
Kartblad	1218 II, Fimlandsgrend
Verdi	D
Naturtype	Naturbeitemark (D04)
Areal	Ca. 20 daa
Kommune	Førde
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 12. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Naturbeitemark (fig. 12).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.14, Jordbruksbygdene i Sunnfjord.

Områdeskildring: Garden Slåtten ligg i Angedalen, nordaust for Førde sentrum. Det undersøkte, tresette beiteområdet ligg i lia nord-aust for gardstunet og med sørvestleg eksponering. Det undersøkte området, som ligg ca. 200 moh., utgjer kring ein fjerdedel av det totale beitearealet. Berggrunnen er dekkja av morenejord med eit stort leirinnhald. Fleire store steinar ligg spreidde omkring.

I beiteområdet finst mange relativt høge tre, hovudsakeleg bjørk (*Betula pubescens*) og rogn (*Sorbus aucuparia*), men også nokre graner (*Picea abies*). Eit par bekkar renn gjennom området. Feltsjiktet er prega av engkvein (*Agrostis capillaris*) og sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*). Areala vart tidlegare tilført kunstgjødsel og noko kalk, men det er no kring 10 år sidan sist. Lenger attende i tid vart det også nytta sprøytemiddel ('busk og krattdrepar') i området. Tidlegare stod her også styvingstre av rogn. I alt vart 35 karplanter observert ved synfaringa.

Kulturspor: Her står eit uthus og ei samanrasa høyløe, eit steingjerde mot nabogarden (Kvål), og nokre steinrøyser (mosegrodde). Vegen til stølen går gjennom området.

Verdivurdering: Naturbeitemarka blir beita av sau, men den vert ikkje brukt aktivt, og er i ein attgroingsfase. Den har innslag av artar som indikerer eit fuktig jordsmonn. Artsmangfaldet av karplanter er rimeleg høgt.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	F 3: Bergknaus og bergflate (på store steinar; dårleg utvikla) (5%), G 4: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) (70%), G 12: Våt/fuktig, middels næringsrik eng (25%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeegenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	vekselfuktig: 0	frisk: 95
Baserikheit	fattig: 70	intermediær: 30	rik: 0
Næring	fattig: 70	intermediær: 30	rik: 0

Tilstand: Avgrensa drift.

Dagens bruk: Beite for eit mindre tal sauer.

Tidlegare bruk: Tidlegare nytta til beite både for storfe og sau.

Inngrep: Ingen inngrep.

Artar: Vedlegg.

11. Alme

Lokalitetsnamn:	Alme
Dato	27.07.2007
UTM	LP 351500 6854900
Kartblad	1218 I, Nordfjordeid
Verdi	B
Naturtype	Slåttemark (D01)
Areal	Ca 2 daa
Kommune	Gloppen
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 13. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Slåttemark (fig. 13).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.17, Hyen.

Områdeskildring: Lokaliteten ved Alme ligg på austsida av Gloppenfjorden, ca. 280 moh. Grunnen er dekkja av morene. Den tradisjonelt drivne enga ligg i ein søraustvendt skråning ned mot vegen, nedanfor meir moderne driven fulldyrka eng. Den får ikkje tilført gjødsel eller kalk.

Området var slått nokre få dagar før synfaringa, så artsregistreringa er i stor grad basert på artar som vaks langs kantar og på areal som ikkje var slått. Dominerande grasartar tykkjest å vere smyle (*Deschampsia flexuosa*), hundegras (*Dactylis glomerata*) og krattlodnegras (*Holcus mollis*), men det var også ganske rikeleg med fargerike urter, mellom anna skogstorkenebb (*Geranium sylvaticum*), tveskjeggveronika (*Veronica chamaedrys*) og liljekonvall (*Convallaria majalis*). Fjørkransmose (*Rhytidiadelphus subpinnatus*) dominerte i botnsjiktet.

Ved synfaringa vart det observert 51 karplanter i den skrånande enga.

Kulturspor: Utover ein steinmur er det ingen kulturspor.

Verdivurdering: Dette avgrensa området med tradisjonell lågproduktiv slåttemark representerer lang kontinuitet, basert på avgrensa gjødsling og kultivering. Slåttemarka har eit ganske høgt artsinventar, inkludert mange fargerike urter.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 4a: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) (100%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeegenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 0	vekselfuktig: 0	frisk: 100
Baserikheit	fattig: 70	intermediær: 30	rik: 0
Næring	fattig: 70	intermediær: 30	rik: 0

Tilstand: God hevd, aktiv skjøtsel.

Dagens bruk: Slåttemark.

Tidlegare bruk: Slåttemark.

Inngrep: Ingen.

Artar: Vedlegg.

12. Føleide

Lokalitetsnamn:	Føleide
Dato	27.07.2007
UTM	LP 351600 6857800
Kartblad	1218 I, Nordfjordeid
Verdi	D
Naturtype	Naturbeitemark (D04)
Areal	40 daa
Kommune	Gloppen
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 14. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Naturbeitemark (fig. 14).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.17, Hyen.

Områdeskildring: Beitemarka tilhøyrande garden Føleide ligg i ei nordvestvendt li, ca. 200 m sør for gardstunet og kring 240 moh. Berggrunnen er dekkja av morenejord. Ein del store steinar ligg spreidde omkring, i tillegg til lyngkledde gamle rotne stubbar, restar frå skogen som tidlegare dekkja området. Eit par småelvar har grave ut kløfter i moreneavsetjingane, slik at den trelause beitemarka no framstår som tre separate areal.

Dei to nordlegaste areala grensar i nord til eit granplantefelt og i sør til furuskog. Langs kanten, og i øvre delar, finst også ein del bjørker (*Betula pubescens*). Nedre delar av beitemarka grensar mot fulldyrka eng. Engkvein dominerer i feltsjiktet på den trelause beitemarka, men innslaget av sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) og artar som indikerer eit fuktig jordsmonn er også høgt. I alt 57 karplanter vart registrerte ved synfaringa. Fjørkransmose (*Rhytidiadelphus subpinnatus*) og storkransmose (*Rhytidiadelphus squarrosus*) er vanlege i botnsjiktet.

Kulturspor: Her ligg ein del små rydningsrøyser. Eit granplantefelt ligg i lia over beitemarka.

Verdivurdering: Denne naturbeitemarka vart rydda for mindre enn 100 år sidan. Den blir no beita av sau. Den har innslag av artar som indikerer eit fuktig jordsmonn, inkludert artar med vestleg utbreiing. Gunstig jordråme medverkar til høgare produktivitet og artsmangfald enn i meir turre område.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	C 3d: Gråor-heggeskog (sølvbunkeutforming) (20%), F 3: Bergknaus og bergflate - dårleg utvikla (5%), G 4: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) (75%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	vekselfuktig: 5	frisk: 90
Baserikheit	fattig: 70	intermediær: 30	rik: 0
Næring	fattig: 70	Intermediær: 30	rik: 0

Tilstand: God hevd, aktiv skjøtsel.

Dagens bruk: Beitemark for sau.

Tidlegare bruk: Beitemark (men stubbar frå tidlegare skog er framleis synlege).

Inngrep: Nedre delar er grøfta.

Artar: Vedlegg.

13. Gimmestad

Lokalitetsnamn:	Gimmestad
Dato	25.07.2007
UTM	LP 349250 6851900
Kartblad	1218 I, Nordfjordeid
Verdi	C
Naturtype	Naturbeitemark (D04)
Areal	6 daa
Kommune	Gloppen
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 15. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Naturbeitemark (fig. 15).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.17, Hyen.

Områdeskildring: Området ligg på Gimmestad, inst i Gloppenfjorden, ca. 50-60 moh. Grunnen er dekkja av marine avsetjingar. Den undersøkte beitemarka ligg i ein sørvendt skråning. Det inngjerda området er hovudsakeleg open grasdominert eng, med nokre få frukttre. Dominerande artar er timotei (*Phleum pratense*), engreverumpe (*Alopercus pratensis*), hundegras (*Dactylis glomerata*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), og stadvis skvallerkål (*Aegopodium podagraria*). Særleg den nedre delen av skråninga er dominert av sølvbunke. I dei fuktige områda langs ein bekken finst også krypkvein (*Agrostis stolonifera*) og mjødukt (*Filipendula ulmaria*).

Ved synfaringa av området vart det observert 47 karplanter.

Kulturspor: Her står nokre få gamle epletre. Ein traktorveg går gjennom området.

Verdivurdering: Husdyrbeiting har truleg medverka til at sølvbunke pregar kulturmarka. Naturbeitemarka har eit rimeleg høgt artsmangfald.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 14: Frisk, næringsrik "gamaleng" (100%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk O2

Markeegenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 0	vekselfuktig: 5	frisk: 95
Baserikheit	fattig: 0	intermediær: 100	rik: 0
Næring	fattig: 0	intermediær: 100	rik: 0

Tilstand: Avgrensa drift.

Dagens bruk: Ukjent, men området såg ikkje ut til å vere beita eller slått.

Tidlegare bruk: Delvis til fruktproduksjon og noko beite.

Inngrep: Traktorveg av eldre dato fører gjennom området.

Artar: Vedlegg.

14. Hunskår 1

Lokalitetsnamn:	Hunskår 1
Dato	24.07.2007
UTM	LP 360250 6850250
Kartblad	1318 IV, Hornindal
Verdi	D
Naturtype	Slåttemark (D01) med gamle frukttré
Areal	3 daa
Kommune	Gloppen
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 16. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Slåttemark (fig 16).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.17, Hyen.

Områdeskildring: Garden Hunskår ligg i den sørvendte lia i nordenden av Breimsvatnet, ca. 280 moh. Berggrunnen er dekkja av morenejord, men noko berg i dagen førekjem. I ein gamal, relativt næringsfattig frukthage i skråninga bak hovudhuset finst i dag spreidde frukttré (kirsebær og eple), nokre kortvaksne tre av furu (*Pinus sylvestris*), rogn (*Sorbus aucuparia*) og osp (*Populus tremula*). Feltsjiktet er dominert av gras. Vanlege artar er hundegras (*Dactylis glomerata*), engkvein (*Agrostis capillaris*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*) og sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) med innslag av hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), ryllik (*Achillea millefolium*), kratthumleblom (*Holcus mollis*) og vanleg høymole (*Rumex longifolius*).

Tidlegare vart området kalka og tilført noko kunstgjødsel av og til, sist for kring 10 år sidan. I alt 46 karplanter er registrerte.

Kulturspor: I frukthagen finst ein oppbygd bakkemur og nokre rydningsrøyser.

Verdivurdering: Den gamle frukthagen er prega av manglande skjøtsel. Høge gras dominerer feltsjiktet. Ein del rotskot av osp er registrert, og utan aktiv skjøtsel vil hagen etter kvart også få eit tett tresjikt.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	F 3: Bergknaus og bergflate – dårleg utvikla (10%) G 4: Frisk fattigeng (90%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	vekselfuktig: 15	frisk: 80
Baserikheit	fattig: 90	intermediær: 10	rik: 0
Næring	fattig: 90	intermediær: 10	rik: 0

Tilstand: Dei siste åra noko svak hevd og avgrensa skjøtsel.

Dagens bruk: Frukthage der feltsjiktet ikkje er slått på fleire år.

Tidlegare bruk: Frukthage.

Inngrep: Ingen inngrep.

Artar: Vedlegg

15. Hunskår 2

Lokalitetsnamn:	Hunskår 2
Dato	24.07.2007
UTM	LP 360050 6850400
Kartblad	1318 IV, Hornindal
Verdi	D
Naturtype	Naturbeitemark (D04)
Areal	6 daa
Kommune	Gloppen
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 17. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Naturbeitemark (fig. 17).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.17, Hyen.

Områdeskildring: Den oppsøkte beitemarka tilhøyande garden Hunskår ligg i den sørvendte lia i nordenden av Breimsvatnet ca. 250 m vest for gardstunet og 320 moh. Berggrunnen er dekket av morenejord. Ein del store steinar ligg spreidde omkring. Beitemarka ligg i eit søkk omgitt av furuskog på kvar side. Innover 'dalen' mot vest ligg ei fattig jordvatnsmyr, som strekkjer ei lita tunge inn i beitemarka. Mot aust ligg dyrka mark. Det finst ein del einer (*Juniperus communis*) samt småtre av furu (*Pinus sylvestris*), bjørk (*Betula pubescens*), rogn (*Sorbus aucuparia*) og øyrevier (*Salix aureta*) i området.

Beitemarka er ganske næringsfattig. Vassinnhaldet i jorda, derimot, varierer frå ganske vått i botnen av dalen til turrare tilhøve oppover i sidene. Dominerande grasartar i feltsjiktet er engkvein (*Agrostis capillaris*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) og krattlodnegras (*Holcus mollis*). I alt 50 karplanter vart registrerte ved synfaringa.

Kulturspor: Rydningsrøyser, særleg mot nord.

Verdivurdering: Den noko lågproduktive naturbeitemarka representerer ein tradisjonell kulturmarkstype basert på avgrensa gjødsling og kultivering. Beitemarka har eit rimeleg høgt artsmangfald.

Det er nokre år sidan sist småtre og busker vart rydda, men beitemarka har framleis eit ope preg.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	F 3: Bergknaus/bergflate på steinar (5%), G 4a: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) (75%) G 1b: Fuktig fattigeng (knappsiv/lyssiv utforming) (20%)
Vegetasjonssone	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonssesjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	vekselfuktig: 15	frisk: 80
Baserikheit	fattig: 70	intermediær: 30	rik: 0
Næring	fattig: 70	intermediær: 30	rik: 0

Tilstand: God hevd og aktiv skjøtsel.

Dagens bruk: Storfefeite.

Tidlegare bruk: Storfefeite.

Inngrep: Det er grave ei dreneringsgrøft i dei nedre, og austlege delane av beitemarka. Den utgravne massen er lagt opp på sidene av grøfta. På denne vollen har det etterkvart utvikla seg eit heildekkande feltsjikt.

Artar: Vedlegg.

16. Rygg

Lokalitetsnamn:	Rygg
Dato	25.07.2007
UTM	LP 348450 6852400
Kartblad	1218 I, Nordfjordeid
Verdi	D
Naturtype	Slåttemark (D 01)
Areal	15 daa
Kommune	Gloppen
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 18. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Slåttemark (fig. 18).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.17, Hyen.

Områdeskildring: Det undersøkte området ligg på vestsida av Gloppenfjorden. Berggrunnen er dekkja av marine avsetjingar. Slåttemarka ligg ca. 40-60 moh., i ein nordaustvendt skråning prega av høgvaksten engkvein (*Agrostis capillaris*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) og krattlodnegras (*Holcus mollis*). Nokre enkeltstående bjørker (*Betula pubescens*) og nokre frukttre står i området.

Ved synfaring vart det observert 43 karplanter.

Kulturspor: Ingen kulturspor innanfor området bortsett frå nokre gamle frukttre.

Verdivurdering:

Området som i dag ber preg av avgrensa skjøtsel, og dominert av høgvakse gras, har nok tidlegare vore meir intensivt utnytta. I dag framstår det meir som eit restområde i det moderne kulturlandskapet.

Vegetasjonssone:

Vegetasjonstype	G 14: Frisk, næringsrik "gamaleng" (100%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 0	vekselfuktig: 15	frisk: 85
Baserikheit	fattig: 0	intermediær: 100	rik: 0
Næring	fattig: 0	Intermediær: 100	rik: 0

Tilstand: Ingen hevd, avgrensa skjøtsel.

Dagens bruk: Ingen bruk.

Tidlegare bruk: Ukjent, men det finst ein del frukttre i delar av området.

Inngrep: Ingen.

Artar: Vedlegg.

17. Sagefloten

Lokalitetsnavn:	Sagefloten
Dato	24.07.2007
UTM	LP 361450 6848750
Kartblad	1318 III, Breim
Verdi	D
Naturtype	Gamal frukthage
Areal	9 daa
Kommune	Gloppen
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 19. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Hagemark (fig. 19).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.17, Hyen.

Områdeskildring: Området ligg i nordenden av Breimsvatnet. Riksveg 14 går mellom vatnet og husa på plassen. Husa ligg kring 75 moh. Området er dekket av morenejord. Hagemarka har i tillegg vorte tilført jord. Sjølve gardstunet er relativt velhalde. Den gamle hagen med gamle tre av eple, pære og morell, som ligg på oppbygde terrassar framom huset, er tilgrodd med høgteveksande gras som hundegrass (*Dactylis glomerata*) og engreverumpe (*Alopecurus pratensis*). Vidare veks det her bregner og høgstaude som mjødukt (*Filipendula ulmaria*), kvitbladtistel (*Cirsium heterophyllum*) og skogstorkenebb (*Geranium sylvaticum*).

Arter som indikerer frisk, næringsrik jord førekjem hyppig i den gamle frukthagen og indikerer at den naturlege vegetasjonen i store delar av området naturleg ville ha vore høgstaudeprega skog. Forutan frukttrær har den gamle hagen lite tre og busker, men unglanter av fleire lauvtre som osp (*Populus tremula*), ask (*Fraxinus excelsior*) og bjørk (*Betula pubescens*) vart observerte. Turkeutsette plantesamfunn dominerte av mosar er vanlege i område med skrint lausmassedekke.

Kulturspor: Forutan bygningsmassen finst her også bakkemurar og terrassar. Jorda på terrassane er delvis tilført.

Verdivurdering:

Det er mange år sidan siste gong vegetasjonen vart slått i den gamle frukthagen. Med husmannsplassen i hevd ville kommunen ha eit historisk dokument, som mellom anna viser intensiv utnytting av jord. Husa treng noko vedlikehald.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	F 3: Bergknaus og bergflate (5%), G 14: Frisk, næringsrik "gamaleng" (95%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonsregion, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	veksselfuktig: 15	frisk: 80
Baserikheit	fattig: 5	intermediær: 15	rik: 80
Næring	fattig: 5	intermediær: 15	rik: 80

Tilstand: Den gamle frukthagen er under attgroing med høgvaksne gras og urter. Utan skjøtsel vil området gro til på nokre få år.

Dagens bruk: Ingen bruk.

Tidlegare bruk: På midten av 1950-talet var dette ein del av den største eplehagen i Breim.

Inngrep: Ingen.

Artar: Vedlegg.

18. Eimhjellen 1

Lokalitetsnamn:	Eimhjellen
Dato	27.07.2007
UTM	LP 331750 6838300
Kartblad	1218 III, Naustdal
Verdi	D
Naturtype	Naturbeitemark (D04)
Areal	13 daa
Kommune	Gloppen
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 20. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Naturbeitemark (fig. 20).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.17, Hyen.

Områdeskildring: Den undersøkte naturbeitemarka ligg i Eimhjelledalen, på vestsida av Eimhjellevatnet (Storfjorden), frå ca. 200 til 240 moh. Grunnen er dekkja av morene, med ein del store steinar spreidde omkring på overflata. Eit større areal med open eng med nokre bjørk (*Betula pubescens*) og gran (*Picea abies*), samt noko vierkratt og lågtveksande einer (*Juniperus communis*). I nord finst ein liten teig med furu (*Pinus sylvestris*), og eit mindre område med fattig jordvatnsmyr.

Området vert nytta til sauebeite. Engareala har vore gjødsla av og til med kunstgjødsel sidan 1940-talet. Det er ikkje slått på mange år. Ved synfaringa vart det observert 46 karplanter.

Kulturspor: Forutan eit par mindre uthus og nokre gamle dreneringsgrøfter er det få kulturspor innanfor det inngjerda området.

Inngrep: Nokre dreneringsgrøfter vart etablerte ved hjelp av dynamitt på 1950-talet. Det går ein veg på utsida av området i nord.

Verdivurdering: Om lag halvparten av det inngjerda området er open naturbeitemark. Den vert no berre beita av sau. Den noko lågproduktive beitemarka representerer ein tradisjonell kulturmarkstype basert på avgrensa gjødsling og kultivering.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 4: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) (45%), A 3: Røsslyng-blokkebærfuruskog (50%), K 1: Skog-/krattbevokst myr (5%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 0	vekselfuktig: 10	frisk: 90
Baserikheit	fattig: 90	intermediær: 10	rik: 0
Næring	fattig: 90	intermediær: 10	rik: 0

Tilstand: God hevd. I bruk med noko avgrensa skjøtsel.

Dagens bruk: Beitemark for sau.

Tidlegare bruk: Slåttemark og beitemark for sau og storfe.

Artar: Vedlegg.

19. Eimhjellen 2

Lokalitetsnamn:	Eimhjellen 2
Dato	27.07.2007
UTM	LP 331700 6838600
Kartblad	1218 III, Naustdal
Verdi	D
Naturtype	Naturbeitemark (D04)
Areal	64 daa
Kommune	Gloppen
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 21. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Naturbeitemark (fig. 21).

Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 22.17, Hyen.

Områdeskildring: Området ligg i Eimhjelledalen, på vestsida av Eimhjellevatnet (Storfjorden), frå ca. 180 til 200 moh. Grunnen er dekkja av morene, med mange store jordfaste steinar spreidde omkring på overflata. Det inngjerda området er hovudsakleg open eng, med nokre få tre av bjørk (*Betula pubescens*), rogn (*Sorbus aucuparia*) og eple. På dei nedre delane (mot aust), som er noko fuktige, vart det tidlegare dyrka korn. Sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) dominerer i store delar av området, noko mindre i øvre delar (mot vest) der engkvein (*Agrostis capillaris*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*) er meir vanlege. Førekomst av mannasøtgras (*Glyceria fluitans*) i dei nedre delane av området indikerer noko rikare jordsmonn.

Området er vorte gjødsla (med kunstgjødsla) av og til dei siste tiåra, men har ikkje blitt slått på mange år. I alt 32 karplanter vart registrerte i kulturmarka.

Kulturspor: Eitt uthus, ei dreneringsgrøft og steinrøyser.

Verdivurdering: Dette er ei tradisjonell beitemark med avgrensa gjødsla og kultivering, og som nå berre vert beita av sau. Redusert bruk har medført at sølvbunke pregar delar av

området. Bortsett frå nokre små areal i nedre delar, er dette eit relativt lågproduktivt område med lågt arstmangfald.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 1: Fuktig fattigeng (på veg mot G3 Sølvbunkeeng) (også noko preg av næring G12 Våt/fuktig, middels næringsrik eng - ikkje skilt ut) (70%), G 4a: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng): vanleg utforming (25%), F 3: Bergknaus og bergflate (på steinar) (5%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	veksselfuktig: 15	frisk: 80
Baserikheit	fattig: 75	intermediær: 25	rik: 0
Næring	fattig: 75	intermediær: 25	rik: 0

Tilstand: Avgrensa hevd og skjøtsel.

Dagens bruk: Beitemark for sau.

Tidlegare bruk: Nedre delar er oppdyrka til kultureng, øvre delar blir nytta til slåttemark og beitemark.

Inngrep: Ei dreneringsgrøft vart etablert i nedre delar for fleire tiår sidan, men denne grøfta er attgrodd og lite synleg i dag.

Artar: Vedlegg.

20. Nedreberg

Lokalitetsnamn:	Nedreberg
Dato	25.07.2007
UTM	LP 361050 6849650
Kartblad	1318 IV, Hornindal
Verdi	C
Naturtype	Naturbeitemark (D04) og slåttemark (D01)
Areal	8 daa
Kommune	Stryn
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken




Fig. 22. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Naturbeitemark og slåttemark (fig. 22).

Landskapsregion 23, Indre bygder på Vestlandet. Region 23.16, Stryn.

Områdeskildring: Garden Nedreberg ligg i den sørvendte lia i nordenden av Breimsvatnet, med gardstunet lokalisert kring 200 moh. Berggrunnen i området er dekkja av morenejord, men noko berg i dagen førekjem. Det er fleire delområde med engvegetasjon, eitt større område ved gardstunet, dessutan fleire meir eller mindre samanhengjande areal litt ovanfor.

Eit par av delområda (nedanfor gardstunet og nedanfor den øvre låven) har eit stort innslag av timotei (*Phleum pratense*), med preg av kultureng. Elles finst store areal med dominans av engkvein (*Agrostis capillaris*) og englodnegras (*Holcus lanatus*) med innslag av urter som ryllik (*Achillea millefolium*), raudkløver (*Trifolium pratense*) og følblom (*Leontodon autumnalis*). Nokre eldre frukttre står nær gardstunet.

Områda vert ikkje tilført gjødsel eller kalk. Totalt vart det registrert 73 karplanter i området.

Kulturspor: Ingen spesielle.

Verdivurdering: Her er store areal med engvegetasjon, med innslag av fleire urter. Delar av areala, spesielt dei som er dominerte av timotei, har eit kultureng-preg. Slåttemarka

representerer ein tradisjonell kulturmarkstype med ein lang historie, som er basert på avgrensa gjødsling og kultivering. Området vert halde i god hevd, og har eit ganske høgt artsmangfald.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 4a: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) (70%), G 14: Frisk, næringsrik "gamaleng" (30%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 0	vekselfuktig: 10	frisk: 90
Baserikheit	fattig: 40	intermediær: 60	rik: 0
Næring	fattig: 40	intermediær: 60	rik: 0

Tilstand: God hevd med aktiv skjøtsel.

Dagens bruk: Slåttemark.

Tidlegare bruk: Slåttemark.

Inngrep: Ingen.

Artar: Vedlegg.

21. Øvre Åse

Lokalitetsnamn:	Øvre Åse
Dato	13.07.03
UTM	LP 3496 68607
Kartblad	1218 I, Nordfjordeid
Verdi	B
Naturtype	Slåttemark (D01)
Areal	30 daa
Kommune	Eid
Inventør/områderapport	Brith Natlandsmyr og Leif Hauge




Fig. 23. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Slåttemark (fig. 23). Landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Region 18, Indre fjordbygder i Nordfjord.

Områdeskildring: Øvre Åse ligg 400 moh. på nordsida av Utfjorden mellom Lote og Hennebygda. Det undersøkte arealet er eit heimestølsområde med tilhøyrande slåttemark. Totalt utgjer engja kring 20 dekar natureng og kring 10 dekar kultureng (Hovstad & Ohlsson 2000). Det tykkjast i dag å vere tydelege skilnader mellom vegetasjonen på gjødsla og ugjødsla parti av engja. Engarealet ligg under g.nr. 45, br. nr. 1, Øvre Åse. Dei mest artsrike engene ligg i utkanten av dei intensivt drivne areala, lokaliserte til noko skrånande terreng med skrint jordsmonn. Her er tilhald både av eng- og skogsartar (Flåten 1992, Hovstad 1999, Hauge et al. 2005). Lokaliteten er sentral i eit samanlikande dr. gradsarbeid om biologisk mangfald i tradisjonelle enger i Sogn og Fjordane (Myklestad 2004).

Vanlege gras her er gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), engkvein (*Agrostis capillaris*), engrapp (*Poa pratensis*), hundegras (*Dactylis glomerata*), raudsvingel (*Festuca rubra*), geitsvingel (*Festuca vivipara*), strandrøy (*Phalaris arundinacea*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), smyle (*Deschampsia flexuosa*), engfrytle (*Luzula multiflora*), hårfrytle (*Luzula pilosa*), bleikstarr (*Carex pallescens*) og stjernestarr (*C. echinata*). Feltsjiktet kan stadvis ha høgt innslag av orkidear som vårmarihand (*Orchis mascula*), brudespore (*Gymnadenia conopsea*), grov nattfiol (*Platanthera chlorantha*), stortveblad (*Listera ovata*) og skogmarihand (*Dactylorhiza fuchsii*). I randsona mot skogen veks skogsartar som hengjeaks (*Melica*

nutans), bergmynte (*Origanum vulgare*), skogvikke (*Vicia sylvatica*), myske (*Galium odoratum*), storklokke (*Campanula latifolia*) og sanikel (*Sanicula europaea*) (Flåten 1992b).

Turre parti av enga er artsrike med artar som tepperot (*Potentilla erecta*), tiriltunge (*Lotus corniculatus*), blåklokke (*Campanula rotundifolia*), kattedot (*Antennaria dioica*), liljekonvall (*Convallaria majalis*), hårsveve (*Hieracium pilosella*), ryllik (*Achillea millefolium*), fjellmarikåpe (*Alchemilla alpina*), jordbær (*Fragaria vesca*), firkantperikum (*Hypericum maculatum*), gullris (*Solidago virgaurea*), legeveronika (*Veronica officinalis*), stemorsblom (*Viola tricolor*), augnetrøyst (*Euphrasia stricta*), smångkall (*Rhinanthus minor*), vanleg blåfjør (*Polygala vulgaris*) og jordnøtt (*Conopodium majus*).

På friskare parti veks raudkløver (*Trifolium pratense*), kvitkløver (*Trifolium repens*), raud jonsokblom (*Silene dioica*), engsoleie (*Ranunculus acris*), smalkjempe (*Plantago lanceolata*), grasstjerneblom (*Stellaria graminea*), mjøduert (*Filipendula ulmaria*), kvitbladtistel (*Cirsium heterophyllum*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), engsyre (*Rumex acetosa*), småsyre (*Rumex acetosella*), myrfiol (*Viola palustris*) soleihov (*Caltha palustris*) og skogstorkenebb (*Geranium sylvaticum*).

Kulturspor: Stølsenga er inngjerda av ein steingard, stadvis forsterka med risgjerde. Fjøsen ligg knytt til steingjerdet og utmarka i nord. Her finst og murar etter eldre bygningar. Selet inneheld tømmer frå ei gamal røykstove.

Verdivurdering: Stølen er framleis i drift, og både kulturlandskapet og kulturmarkstypene er i relativt god hevd. Slåttemarka på stølen er velstelt og har stor referanseverdi for tradisjonell utmarksdrift. Øvre Åse ligg i eit større belte med edellauvskog med tre med spor etter førsank. Området har også innslag av fleire element frå tradisjonell jordbruksdrift.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	G 7b: Dunhavre-dunkjempe utforming (30%) G 4: Engkvein-raudsvingel-gulakseng (70%)
Vegetasjonsgeografisk region	Boreonemoral vegetasjonssone, Bn-O2
Vegetasjonsseksjon	Klart oseanisk, O2

Markeegenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 30	veksselfuktig: 50	frisk: 20
Baserikheit	fattig: 20	intermediær: 60	rik: 20
Næring	fattig: 30	intermediær: 60	rik: 10

Tilstand: God hevd. Slåttemarka på stølen er velstelt.

Dagens bruk: Garden Øvre Åse vert driven på tradisjonelt vis med slått og husdyrhald. Sentrale engareal blir framleis slått. Frekvensen av slått er noko avhengig av verlaget frå år til år.

Tidlegare bruk: Området har lange tradisjonar som slåtteland (Flåten 1992). Fram til 2002 vart området brukt som støl med beite for 4-5 kyr og kring 30 sauer. Husdyrgjødsel vart nytta som gjødsel på engene, i tillegg til litt kunstgjødsel. Engene vart slegne ein gong ut i juli.

Inngrep: Ingen vesentlege. **Artar:** Vedlegg.

22. Avlein

Lokalitetsnavn:	Avlein
Dato	25.07.2007
UTM	LP 385450 6860050
Kartblad	1318 I, Stryn
Verdi	B
Naturtype	Slåttemark (D01) og naturbeitemark (D04)
Areal	30 daa
Kommune	Stryn
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken



Fig. 24. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Slåttemark og naturbeitemark (fig. 24).

Landskapsregion 23, Indre bygder på Vestlandet. Region 23.16, Stryn.

Områdeskildring: Garden Avlein ligg solrikt til øvst oppe i lia på austsida av Oldenfjorden, godt eksponert mot vest og med godt utsyn over Innvikfjorden. Garden har historie minst attende til 1300-talet, og er opp gjennom historia delt i fleire bruk. Dagens gardstun er omgitt av frukthage og enger. Slåtte- og beiteengene på innmarka strekkjer seg frå 100 – 160 moh. Delar av dette området var tidlegare åkerland, men størstedelen har fungert som slåtte- og beitemark.

Garden ligg på morene i bratt terreng. Eit par bekker skjær gjennom området, og langs desse, og i fuktige område kan råmekrevjande artar førekome. Det er hovudsakeleg friske tilhøve i jordsmonnet, jamn nedbør gjennom året gjer at jordsmonnet sjeldan turkar ut. Mest turkeutsett er vegetasjonen langs kanten av opplødde terrassemurar av stein.

Slåtteengene er nokså jamne og frodige, urterike, med høgt artsmangfald. Dominerande artar er sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*), engkvein (*Agrostis capillaris*) og gulaks (*Anthoxanthum odoratum*). Andre vanlege artar på store delar av enga er hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*), marikåpe (*Alchemilla* sp.), skogstorkenebb (*Geranium sylvaticum*), hundegras (*Dactylis glomerata*), engreverumpe (*Alopecurus pratensis*), stormaure (*Galium album*), gjerdevikke (*Vicia sepium*), engsoleie (*Ranunculus acris*), kvitbladtistel (*Cirsium*

heterophyllum), engsyre (*Rumex acetosa*), kvitkløver (*Trifolium repens*), raudsvingel (*Festuca rubra*), engrapp (*Poa pratense*) og grasstjerneblom (*Stellaria graminea*).

På skrinnare parti veks småengkall (*Rhinanthus minor*), prestekrage (*Leucanthemum vulgare*), raudkløver (*Trifolium pratense*), ryllik (*Achillea millefolium*), tepperot (*Potentilla erecta*), engfrytle (*Luzula multiflora*), smalkjempe (*Plantago lanceolata*), smyle (*Hieracium umbellatum*), flekkmarihånd (*Dactylorhiza maculata*), bleikstarr (*Carex pallescens*), hårsvæve (*Hieracium pilosella*), harerug (*Polygonum vivipara*), vanleg arve (*Cerastrium fontanum*), blåkoll (*Prunella vulgaris*), minneblom (*Myosotis* sp.) og raudknapp (*Knautia arvensis*). Skogburkne (*Athrium filix-mas*) veks langs vegar, ved berg og sig.

Kulturspor: Det finst fleire typar kulturspor i området. I utmarka finst steingardar, rydningsrøyser, ein einerhage med einer (*Juniperus communis*) og fleire mindre utløer. Utmarka har ein mosaikk av gran (*Picea abies*), furu (*Pinus sylvestris*) og lauvskog. I grensa mot nabogarden i nord står fleire styvingstre av ask (*Fraxinus excelsior*), alm (*Ulmus glabra*) og selje (*Salix caprea*). I dei gamle slåtteeengene i innmarka finst bakkemurar og terrassar, og det ligg steinheller over bekkar. Det står og faste hesjar, men desse har ikkje vore i bruk dei siste åra.

Inngrep: Av tekniske anlegg er her berre stadvis ein oppmurt gardsveg, og slåttenga vert avgrensa mot utmark/beite av steingard. Her går stien til stølen. To nye skogsbilveggar er opparbeidde.

Verdivurdering: Slåtteeenga på Avlein er ein god representant for dei frodige engene som finst i Stryn. Det er likevel nokre år sidan siste gong vegetasjonen vart slegen, og områda blir no berre beita av sau. Området utgjer eit visuelt blikkfang med fjellet Skåla som bakgrunn.

Vegetasjon:

Vegetasjonstype	F 3: Bergknaus og bergflate (5%), G 4b: Frisk fattigeng (engkvein-raudsvingel-gulaks-eng) (95%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk, O2

Markegenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 5	veksselfuktig: 25	frisk: 70
Baserikheit	fattig: 40	intermediær: 60	rik: 0
Næring	fattig: 40	intermediær: 60	rik: 0

Tilstand: God hevd.

Dagens bruk: I seinare år har slåtteeengene berre vorte nytta til beite, og området var ganske kraftig nedbeita av sau ved synfaringa sommaren 2007.

Tidlegare bruk: Delar av innmarka vart tidlegare nytta til åkerland. Graset i slåtteeengene vart tidlegare slegne to gonger om sommaren og turka på faste trohesjar.

Inngrep: Ingen inngrep.

Artar: Vedlegg.

23. Breng

Lokalitetsnamn:	Breng
Dato	25.07.2007
UTM	LP 391600 6858350
Kartblad	1318 IV, Hornindal (1: 50 000)
Verdi	C
Naturtype	Naturbeitemark (D02), stølsvoll
Areal	60 daa
Kommune	Stryn
Inventør/områderapport	Jørn-Frode Nordbakken



Fig. 25. Avgrensing og foto frå området.

Hovudtype: Naturbeitemark (fig. 25).

Landskapsregion 23, Indre bygder på Vestlandet. Region 23.16, Stryn.

Områdeskildring:

Breng ligg ved Lovatnet. Dei 13 stølshusa ligg i ei klynge nokre titals meter frå vatnet.

Breng har tidlegare vore driven som eigen gard, men har i nyare tid vore støl under Sæten (Helle & Clemetsen 1992). Breng ligg ved den strie elva Brengsåa, som kjem frå breane i Brengsdalen. Det hender elva kan bli oppdemt og gjere stor skade på 'bøen'. Sidan 1960 har den fungert som fellesstøl for kyr på Breng. Innmarka er felleseige. Området omkring bygningane er framleis ope, men ser ikkje ut til å vere særleg nedbeita.

Breng ligg på ei småkupert elvevifte. Området er ope med relativt mykje stein i overflata. I liene veks det mykje edellauvskog, og langs stranda står mange store styvingstre av alm (*Ulmus glabra*) som ikkje er hausta på lang tid.

Litt utpå vollen står fleire store bjørker (*Betula pendula*) med gamle lauvingsspor. Elles er her innslag av hassel (*Corylus avellana*) og gråor (*Alnus incana*). I liene veks gråor (*Alnus incana*) saman med gamle almar. Mot elva vest for stølen veks ein del einer (*Juniperus communis*). Stadvis veks ein del einstape (*Pteridium aquilinum*), medan strutseving

(*Matteuccia struthiopteris*) kan førekome nær elva. Den opne engvegetasjonen er grasdominert med feltsjiktet hovudsakleg prega av engkvein (*Agrostis capillaris*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*) og harestarr (*Carex ovalis*), bortsett frå eit område ovanfor bilvegen der sølvbunke (*Deschampsia cespitosa*) dominerer. I alt vart det registrert 66 artar i naturbeitemarka.

Kulturspor: Forutan stølshus, styva tre, beite- og slåttemark finst ein del steingardar og rydningsrøyser. Stølsvollen vart til inntil få år sidan beita av storfe og er i relativt velhalden. Bygningane på stølen vart restaurerte i 1986. Eit krav for å halde kulturlandskapet i hevd er jamleg beite, og at oppslag av gråor og einer blir rydda bort. Dei store styvingstrea bør skjerast attende, og hasselbuskene bør foryngast.

Verdivurdering: Stølsvollen er i relativt god stand. I tillegg til stølshus dannar styva alm, ask og bjørk, hassellunder, beitemark og gammalt slåttemark eit heilskapleg kulturlandskap. Området eignar seg som stoppestad for turistar som skal vidare innover til Bødal og Kjendalsbreen.

Vegetasjon:

Vegetasjonstypar	F 3: Bergknaus og bergflate (10%), G 3: Sølvbunke-eng (20%), G 4b: Frisk/tørr middels baserik eng, jordnøtt-utforming (70%)
Vegetasjonsgeografisk region	Sørboreal vegetasjonssone, Sb-O2
Vegetasjonsseksjon	Oseanisk O2

Markeigenskapar:

	%-del	%-del	%-del
Jordfuktigheit	turr: 10	veksselfuktig: 30	frisk: 60
Baserikheit	fattig: 35	intermediær: 65	rik: 0
Næring	fattig: 35	intermediær: 65	rik: 0

Tilstand: Svak hevd, avgrensa skjøtsel.

Dagens bruk: Beitemark, men ser ikkje ut til å ha vore beita sommaren 2007.

Tidlegare bruk. Sidan 1960 har det vore fellesstøl for kyr her.

Inngrep: Ingen inngrep.

Artar: Vedlegg.

3. Samanfatning

Trass i tilskotsordningar som SMIL og RMP er tilstanden for gamle, klassiske kulturmarker med variert biologisk mangfald i dag (2008) urovekkjande i Sogn og Fjordane fylke. Talet på ulike kulturmarker som slåtteenger, beitemarker, hagemarker, lauvenger, lyngheier, stølsvollar og haustingsskogar blir stadig færre og kjerneområda stadig mindre. Spesielt er utviklinga mot færre autentiske hagemarker og område prega av alternativ førsanking (lauv og ris) tydeleg. Kulturmarkstypar med engstruktur er vanlegast, gjerne kombinert med husdyrbeiting.

Artsmangfaldet kan framleis vere høgt, men vert i mange høve utgjort av tidlege suksesjonstrinn med invasjon av kantartar og skogsartar. Attgroing er gjennomgåande det største trugsmålet. Når ein veit at det er mykje lettare å ta utgangspunkt i eksisterande god tilstand for å sikre verdiane må ein sikre rett skjøtsel. Det er mykje meir krevjande i etterkant å prøve å restaurere kulturmarkene for å auke det biologiske mangfaldet. Medan ein bygning eller eit teknisk kulturminne (steingard, rydningsrøys m.m.) kan stå i fleire hundre år, tek det berre få år å øydeleggje vegetasjonssamansetninga på ei urterik slåttemark. Opphoping av biomasse grunna manglande uttak fører til etablering av meir næringskrevjande, friskare og kraftigare vegetasjon som kveler dei klassiske eng- og beitemarksartane.

I tillegg til å sikre og innrette skjøtselstiltak og økonomiske tilskotsmidlar til dei mest verdifulle områda, er det generelt stor trong for å overvake utviklinga i dei attverande seminaturlege vegetasjonssamfunna med lang kontinuitet og variert artsinnhald. Vidareføringa av dette prosjektet bør difor inkludere utvelging av viktige område (sites) for overvaking. Her må ein etablere fastruter for registreringar med jamne, definerte intervall. Det er her viktig å samanlikne vegetasjonsutvikling i område som framleis blir drive tradisjonelt, område der restaurerings- og skjøtselstiltak vert igangsette og område som har endra skjøtselsregime/bruk. Eit godt samarbeid med grunneigarane er viktig.

Vidare er det framleis viktig med registrering av nye område. Det er fleire kommunar i fylket som kan ha store kulturlandskapskvalitetar som ikkje er registrerte, særleg på fjellet og på øyar langs kysten. Det er også viktig å reinventere tidlegare kulturlandskapsområde. Det må setjast opp fylkesvise prioriteringar av kulturlandskapslokalitetar slik at ein kan sikre langsiktige skjøtselstiltak. Viktig her er å byggje på initiativet frå MD og LMD om prioriterte område i jordbrukets kulturlandskap som skal gjevast ei spesiell forvaltning. For desse områda må ein sjå kulturlandskapskvalitetane under eitt og inkludere kvalitetar som biologisk mangfald, kulturmarkstypar, tekniske element og bygningsmiljø. Då får ein best fanga opp gode og heilskaplege kulturlandskap som kan takast vare på i framtida.

Det må også utarbeidast gode skjøtsels- og forvaltnings- og tiltaksplanar for eit utval av områda slik at skjøtselsmidlane blir nytta mest mogeleg effektivt. Planar bør utarbeidast for alle A og B lokalitetar.

4. Referansar

Austad, I. 1985a. Vegetasjon i kulturlandskapet. Bjørkehager og einerbakker. Sogn og Fjordane DH Skr. 1985:1. 36s.

Austad, I. 1985b. Vegetasjon i kulturlandskapet. Lauvingstrær. Sogn og Fjordane DH Skr. 1985:2. 43s.

Austad, I., Lea, B.O. & Skogen, A. 1985. Kulturpåvirkete edellauvskoger. Utprøving av et metodeopplegg for istandsetting og skjøtsel. Økoforsk rapport 1.

Austad, I. & Hauge, L. 1989. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane. Foreløpig klassifisering av landskapsøkologiske enheter. Rapport 2. Sogn og Fjordane distriktshøgskule Skr. 1989:12.

Austad, I. & Hauge, L. 1990. Juniper fields in Sogn, western Norway, a man made vegetation type. – Nord. J. Bot. 9: 665-683. Copenhagen.

Austad, I. & Skogen, A. 1990. Restoration of a deciduous woodland in Western Norway formerly used for fodder production: effects on tree canopy and field layer. Vegetatio 88; 1-20.

Austad, I., Hauge, L. & Helle, T. 1993a. Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane. Prioriterte områder. - Avd. for landskapsøkologi, Sogn og Fjordane DH. 131s.

Austad, I., Hauge, L. & Helle, T. 1993b. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Sluttrapport. - Avd. for landskapsøkologi, Sogn og Fjordane DH. 54s.

Austad, I. & Losvik, M. 1998. Changes in species composition following field and tree layer restoration and management in a wooded hay meadow. - Nord. J. Bot. 18:641-662.

Austad, I., Holmedal Losvik, M., Lundberg, A. & Skogen, A. 2004. Kartlegging av biologisk mangfold i jordbrukets kulturlandskap 2004. Supplerende registreringar. Høgskulen i Sogn og Fjordane og Universitetet i Bergen.

Austad, I. & Hauge, L. 2008. Supplerande kartlegging av biologisk mangfold i jordbrukets kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Registrering for kommunane Selje, Vågsøy og Bremanger. Rapport nr.5/2008. Avdeling for ingeniør- og naturfag. Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Bergum, N. E. & Austad, I. 2003. Kulturhistoriske spor i dagens landskap - ei undersøking av tre vestlandsbruk. I: Austad, I., Braanaas, A. & Haltvik, M. (red.). Lauv som ressurs. Ny bruk av gammel kunnskap. HSF rapport nr 4/03: 97-110. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Bjørndal, J. E. 1986. Vegetasjonsøkologi og utvikling på urterike slåtteenger i Sogndalsdalen, indre Sogn. Cand. scient thesis. Univ. i Bergen. 114 pp.

- Børset, A. & Puschmann, O. 2007. Utvalgte kulturlandskap i jordbruket. Statens landbruksforvaltning, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren
- Direktoratet for naturforvaltning, 1994. Verdifulle kulturlandskap i Norge. Mer enn bare landskap! Del 4. Sluttrapport fra det sentrale utvalget. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. 117s.
- Flåten, I. E. 1992a. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Gloppen kommune, Rapport 26. Sogn og Fjordane DH.
- Flåten, I. E. 1992b. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Eid kommune, Rapport 27. Sogn og Fjordane DH.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. Rapport Botanisk serie 2001:4. NTNU Vitenskapsmuseet Rapp. Bot. Ser. 2001-4: 1-231.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga, 2002. Strategiplan for arbeid med kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Handlingsplan 2002-2005. Kulturlandskapsgruppa i Sogn og Fjordane.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga, 2004. Regionalt miljøprogram for landbruket i Sogn og Fjordane. Handlingsplan 2005-2006.
- Helle, T. & Clemetsen, M. 1992. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Stryn kommune. Rapport 24. Sogn og Fjordane DH.
- Hauge, L. & Njøs Slinde, E. 1989. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Flora kommune. Rapport nr. 7. Sogn og Fjordane DH Skr.
- Hauge, L. 1998. Restoration and management of a birch grove in inner Sogn formerly used for fodder production. Norsk geogr. Tidsskr. Vol. 52, 65-78.
- Hauge, L., Natlandsmyr, B. og Austad, I. 2005. Artsrike slåtte- og beiteenger i Sogn og Fjordane, status for eit utval av lokalitetar. HSF Rapport nr 5. 2005.
- Hauge, L. & Austad, I. 2008a. Supplerande kartlegging av biologisk mangfald i jordbrukets kulturlandskap i Sogn og Fjordane. DN-rapport. In. prep.
- Hauge, L. & Austad, I. 2008b. Supplerande kartlegging av biologisk mangfald i jordbrukets kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Rapport for kommunane Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Årdal. HSF rapport 4/08. Avdeling for ingeniør- og naturfag. Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Hovstad, K. 1999. Kulturlandskap, historie og forvaltning. Ei drøfting med utgangspunkt i Åsane i Nordfjord. Hovudfagsoppgåve ved institutt for biologi og naturforvaltning. NLH.
- Hovstad, K.A. & Ohlson, M. 2000. Kulturlandskap, historie og forvaltning - ei drøftinga med utgangspunkt i Åsane i Nordfjord. –I Ådland, E., Austad, I. og Indrelid, S (red.): Det

vestnorske kulturlandskapet, Rapport frå seminar i Sogndal 11.-12. oktober 1999. Bergen Museums skrifter nr. 6, Bergen Museum, Bergen.

Hovstad, K. 2002. Status for eit utval artsrike enger i Sogn. Rapport 3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 37 s.

Lid, J. & Lid, D. T. 2005. Norsk flora, 7. utgåve. Det Norske Samlaget.

Losvik, M. H. 1988: Phytosociology and ecology of old hay meadows in Hordaland, western Norway in relation to management. - *Vegetatio* 78:157-187.

Losvik, M. H. 1993. Hay meadow communities in western Norway and relations between vegetation and environmental factors. - *Nord J. Bot.* 13: 195-206. Copenhagen.

Lundekvam, H. E. & Gauslaa, Y. 1986. Phytosociology and ecology of mown grasslands in western Norway. - *Meld. Norg. Landbr. Høgsk.* 65 (22): 1-26.

Mittet, M. Stalheim, S., Venåsen, T.J. & Westbye, S.C. 1991. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Førde kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. S. 1-88. Sogn og Fjordane distriktshøgskule.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens Kartverk, Hønefoss.

Moen, A., Alm, T., Austad, I., Kielland-Lund, J., Losvik, M. & Norderhaug, A. 2001. Kulturbetinget engvegetasjon. I Fremstad, E. & Moen, A. (red.): *Truete vegetasjonstyper i*

Myklestad, Å. 2004. Effects of land-use changes on species richness and composition of traditional meadows. Dr. scient thesis. Department of biology. University of Bergen. Norge. s. 68-98. Rapport botanisk serie 2001:4. - Vitenskapsmuseet, Norges teknisk naturvitenskapelige universitet.

Norderhaug, A. 1988. Urterike slåtteenger I Norge, rapport frå for-prosjekt. Økoforsk utredning. 1988:3. 92 pp.

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999 (red.): *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle, norske kulturmarker.* 252 s. Landbruksforlaget.

Puschmann, O. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS-rapport 10/2005. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.

Røysum, M., Austad, I., Norderhaug, A., Bergum, N.E., Domaas, S.T. & Hamre, L.N. 2003. Vegetasjon, landskapsstruktur og arter på tre vestlandsbruk. I: Austad, I., Braanaas, A. & Haltvik, M. (red.). *Lauv som ressurs. Ny bruk av gammel kunnskap.* HSF rapport nr 4/03: 97-110. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

St. meld. Nr. 42 (2000-2001). Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. Godkjent i statsråd 27.april. 2001.

St.prp. nr. 1 (2004-2005). Den kongelige proposisjon om statsbudsjettet medregnet folketrygden for budsjetterminen 1. januar – 31. desember 2005. Godkjent i statsråd 1. oktober 2004.

Vedlegg: Artslister

Arter: Grøndalen 1 (1)

Liste 71 arter frå slåtte- og beiteenger ved Grøndalen

<i>Salix myrsinifolia</i>	X	svartvier
<i>Achillea millefolium</i>	X	ryllik
<i>Achillea ptarmica</i>	X	nyseryllik
<i>Agrostis capillaris</i>	X	engkvein
<i>Alchemilla vulgaris coll.</i>	X	marikåpe
<i>Angelica sylvestris</i>	X	sløke
<i>Anthoxanthum odoratum</i>	X	gulaks
<i>Athyrium filix-femina</i>	X	skogburkne
<i>Betula pubescens juv.</i>	X	dunbjørk, juv.
<i>Calluna vulgaris</i>	X	røsslyng
<i>Caltha palustris</i>	X	soleihov
<i>Campanula rotundifolia</i>	X	blåklukke
<i>Carex nigra</i>	X	slåtestarr
<i>Carex ovalis</i>	X	harestarr
<i>Cerastium fontanum</i>	X	vanleg arve
<i>Chamomilla saveolens</i>	X	tunbalderbrå
<i>Cirsium heterophyllum</i>	X	kvitblattistel
<i>Cirsium palustre</i>	X	myrtistel
<i>Conopodium majus</i>	X	jordnøtt
<i>Corylus avellana</i>	X	hassel
<i>Dactylis glomerata</i>	X	hundegras
<i>Deschampsia cespitosa</i>	X	sølvbunke
<i>Deschampsia flexuosa</i>	X	smyle
<i>Chamerion angustifolium</i>	X	geitrams
<i>Epilobium ciliatum</i>	X	amerikamjølke
<i>Equisetum sylvaticum</i>	X	skogsnelle
<i>Festuca pratensis</i>	X	engsvingel
<i>Festuca rubra</i>	X	raudsvingel
<i>Filipendula ulmaria</i>	X	mjødurt
<i>Geranium sylvaticum</i>	X	skogstorkenebb
